

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



SATSAR PÅ BORN > 4-5

– Det skal vera så gøy at ungane har lyst til å lesa heilt av fri vilje, seier redaktør **Svein Olav Langåker**, som lanserer FramtidaJunior.no.



ENDÅ EI ORDLISTE > 8-9

– Målreisinga er ikkje slutt, seier **Arvid Langeland**, som endeleg er klar med tilsvaret sitt til 2012-norma.



DIGITAL KVAR DAG > 16-19

Over heile landet får grunnskuleelevar no utdelt kvart sitt **nettbrett**. For nynorsk-elevane er ikkje dette berre godt nytt.

Andre omgang

– Det at jentefotballen ikkje har same villkåra som gutane, held ikkje. Det håper eg verkeleg er i ferd med å endre seg, seier **Maria Parr**, som seier at jentefotball er det mest dagsaktuelle temaet i den nye boka, *Keeperen og havet*. Resten av oppfylgjaren til *Vaffelhjarte* er den vanlege blandinga av oppvekst på bygda, venskap som endrar seg, og dramatiske hendingar der det står om livet.

> 14-15



Har me sove i timen?

» Det blir jobba godt med den digitale nynorsken. Allkunne fornyar seg stadig. Framtida går så det grin, og Samlaget lanserer vel ei digital lettlesbok om lag ein gong i månaden. Facebook er råd å ha på nynorsk, og nynorsk Wikipedia er stadig like aktivt. Det er ikkje slik at me står att på stasjonen.

» Men når stadig fleire lese Brett og iPadar blir distribuerte ut i grunnskulen, er det langt mellom dei nynorske appane. I skyløysinga Google Education skal ein leite eit stykke etter nynorsken, og korrekturfunksjonen er ikkje heilt til å stole på. Me har ting å bragle med, men spørsmålet er om me har svikta der det gjeld mest.

» Då Microsoft valde nynorsk som eit av standardspråka sine i Office-pakka på byrjinga av 2000-talet, var det ein enorm siger. Kan hende var sigeren så stor at han vart ei kvilepute. For dei største suksessane, Facebook og Wikipedia, er dugnadsarbeid. Då det vart råd å ha nynorsk ordliste på mobilen i vår, var grunnen at Swiftkey er eigd av Microsoft. Kva har me gjort på dette feltet dei siste ti åra, om ein ser vekk frå ei og anna vel plassert fråsegn på landsmøtet?

» Det er ikkje slik at Mållaget er åleine om å sjå arbeidsoppgåver på dette feltet, sjølv om det å halde på for seg sjølv absolutt har sine sjarmerande sider. Men då Microsoft tok nynorsk inn under vengene etter aksjonen «Nynorsk Data 2000», var det i grunnen eit samarbeid mellom fleire institusjonar. Truleg vil ein tene på å gå saman denne gongen òg.

» Men det er klart. Ein får aldri eit like tøft namn som «Data 2000». Ein kan få lyst å danse av mindre.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Med nye kort

DEN MEST SPENNANDE augneblinken i kortspel er når du tar opp bunken du har fått lagt på bordet framfor deg og ser kva du har fått tildelt. Lyser det i biletkort, har du mange av same farge, er det eitt og anna ess der?

Når vi i målrørsla plukkar opp bunken etter stortingsvalet 2017, er det om lag den same kjensla. Ved første augnekast er det vanskeleg å få totalt oversyn over kva dette spår for spelet framover. Ein får begynne med å sortere.

Når dette blir skrive, er sorteringa knapt ferdig. Det som står fast, er at i dei første rundane skal vi spela med ei mindretalsregjering med Høgre og Framstegspartiet som dei største partia.

Lakmustesten vi brukte for å skilje mellom parti før valet, var å sjekke haldninga til sidemål i programma deira. Som til førre stortingsval var det slik at Framstegspartiet programfesta valfritt sidemål, og Høgre programfesta at dei vil utvikle ordninga med eigen eksamen og karakter i sidemål. I regjeringserklæringa i 2013 blei det likevel slik at gjeldande sidemålsordning med trekk-eksamen i Vg3 på vidaregåande fekk leva vidare. Det kan ha vore fordi regjeringspartia skjønte at det ikkje var fleirtal for noko anna på Stortinget, eller kanskje rett og slett fordi saka ikkje var viktig nok for dei.

DENNE GONGEN ER det all grunn til å gleder seg over at dei fire partia som hadde framgang i valet – Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og MDG – alle har programfesta sidemålsordninga. Senterpartiet vil at det skal vera obligatorisk opplæring i begge målformer og karakter/eksamen i både nynorsk og bokmål på



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen. Sosialistisk Venstreparti nemner òg både karakter og eksamen eksplisitt, og Raudt meiner sidemålsundervisninga må styrkast gjennom positive forsøk og meir sidemålspedagogikk i lærarutdanninga. Til saman fekk desse tre partia 14 stortingsrepresentantar i pluss.

Det største partiet, Arbeidarpartiet, vil at «nynorsken skal sikrast godt utviklingsrom».

I avgjerande posisjon framover har vi Kristeleg Folkeparti og Venstre. Slik valresultatet har blitt, er vi veldig glade for at baa to enda opp med gode sidemålsformuleringar i programma sine.

PARTI MED GOD nynorskskolepolitikk har blitt styrkte på Stortinget 2017–2021, og dermed bør det vera grunn til å tru at sidemålspolitikken i alle fall ikkje kjem til å bli svekt i den neste perioden, og at det faktisk er god sjanse for å få ein politikk med betre ordningar. Her er det gledeleg at Høgre har programfesta at dei vil bruke tekstar på både nynorsk og bokmål gjennom heile skoleløpet, noko som i praksis jo tyder tidlegare start med sidemål.

I denne samanhengen er det godt å sjå det Liv Kari Eskeland, nyinnvald Høgre-representant



Illustrasjon: Kjartan Helleve.

på handa

frå Hordaland, seier til LNK-nytt: «Me treng å løfta fram nynorsken, både i stortingsdokument og i samfunnet elles. Tidleg start med nynorsk er viktig, difor er det så viktig dei satsingane som Lands-samanslutninga av nynorskkommunar jobbar med for barn og unge, og difor er det så viktig med tilgang til god nynorsk litteratur for barn og unge på alle flater, anten det er digitalt eller på papir.»

Eskeland legg også til at det er viktig at det finst gode læreverk på nynorsk for vaksne framand-språklege innvandrarar og seier at ho vil gjera sitt for å få det til.

SLIK STODA HAR blitt, må Noregs Mållag følgje godt med denne hausten. Som organisasjon er vi opptatt av å få gjennomslag i politiske saker, derfor har vi tenkt å invitere oss sjølve til møte med dei vi trur vil vera dei viktigaste målpolitikarane i dei ulike partia. Vi har òg tenkt å gi spesiell merksemd og oppmuntring til dei om lag 22 politikarane som vil bli refererte på nynorsk frå talarstolen på Tinget.

Ei viktig sak som kjem opp i denne stortingsperioden, er omarbeidinga av læreplanen for norsk-faget. «Generell del» har alt vore ute til høyring. Ei innvending Noregs Mållag hadde mot førsteutkastet, var at planen ikkje tok høgd for den spesielle norske situasjonen med dei to språka bokmål og nynorsk, der nynorsk er det mindre brukte språket som treng ekstra støtte. Det er godt å sjå at nynorsken i alle fall nå er med i den vedtatte versjonen.

Neste trinn blir sjølv sagt at striden går vidare til den meir konkrete delen av planverket. Læreplanar har status som forskrift og kan slik sett bli bestemte av Kunnskapsdepartementet aleine, men det er lite truleg at ein minister vil gjera noko slikt utan å ha Stortinget med på laget. Det gjer det mogleg og

nødvendig for oss å påverke eit vidt spekter av parti – også dei partia som nett nå ikkje ser ut til å bli ein del av regjeringsgrunnlaget.

NÅR VI SER tilbake, så har vi i rørsla makta å få gjennom viktige målkrav under skiftande regjeringar og fleirtal, så nå er det opp til organisasjonen å bli like dugande i dei neste fire åra.

Ein ting som er heilt sikkert, er at stadig aukande medlemsmasse er ein god inspirasjon og politisk maktfaktor i striden som står framfor oss. Meir enn før er det viktig med verving slik at Noregs Mållag blir ein sterk spelar ved bordet.

“Når vi ser tilbake, så har vi i rørsla makta å få gjennom viktige målkrav under skiftande regjeringar og fleirtal, så nå er det opp til organisasjonen å bli like dugande i dei neste fire åra.

– Heilt sjukt!

Aftenposten
siterer Karsten Warholm
på nynorsk på framsida

Aasen stor seg til eit tre, og ser gam-mal og trøyt ut.

Billettekst på digitaltmuseum.no

Trenger tolk: nynorsk
Frå kjernejournalen til ein mållags-medlem

Rangerer partia med hjarte og bæsj
Overskrift i Firda
om Målungdomen si partivurdering

Ting du aldri høyrer: «Ja, det såg vel-dig interessant ut, men eg orkar ikkje lese så mykje bokmål.»
Stæld på Twitter

Jeg burde tweete mer på #nynorsk.
Stilig å ha i feeden:-) #NewNorse-Rules!

Vinga Gjerstad på Twitter

Eg elsker deig
Godt Brød, avdeling Bislett, rekla-merer på nynorsk.

Du må være med å bestøm, itj sitt hjem!

Rita Ottervik, ordførar
i Trondheim, for valet

Då har eg skrive kjøpekontrakt med dei nye eigarane av leilegheita mi. Vurderte å slå av litt på prisen då det viste seg at begge var medlemmer i Noregs Mållag.

Inger Johanne Sæterbakk
på Facebook

Eg plar seie at eg har ei veldig breidde i musikksmaken min. Eg likar alt frå Bjørn Eidsvåg til Sigvart Dagsland.

Knut Arild Hareide
i Bergens Tidende

Ved frokostbordet:

Jeg: – Oss lyt sjå!

Datter (14): – Hva betyr det?

Jeg: – «Vi får se!»

Datter: – På hvilket språk da?

Hans-Christian Vadseth
på Twitter

folk (dumme): gjer det valfritt!!
meg (smart): kva med å IKKJE gjere dumme ting

Simon Dagfinrud på Twitter

Jeg er bergenserinne i 10de generasjon. Nynorsk var = spynorsk. Trodde aldri jeg skulle få bruk for det bortsett fra å lese «(ny)norsk-tekstinga» på Derrick, Forviklingar og cowboyfilmer. Så feil kunne en ta. Fikk jobb som lærer i en ultra nynorskkommune og måtte fra dag 1 skrive nynorsk både på tavlen og i brev. Sånn kan det gå ... Hvordan skal våre folkevalgte ordne lærere til distriktene uten skriftlig nynorsk? Og bokmålslærere til byen fra distriktene??? Dyre kurs eller bare gi f.. I nynorsk.

Laila Tilrem på Facebook

Sidemålsordninga vann 7-2 i Bergen

Det var god stemning og klart nynorskfleirtal både på scenen og blant publikum i aulaen i **Litteraturhuset i Bergen** for valet, då **Odda Mållag**, **Hordaland Mållag** og **Noregs Mållag** inviterte til valmøte om nynorsken sin status som jamstilt skriftspråk.

Direktør for Språkrådet Åse Wetås snakka om sidemålsordninga som føresetnad for språkleg jamstilling. Mållagsleiar Magne Aasbrenn la fram dei fem krava som mållaget stiller til dei politiske partia for valet. Stipendiat Helga Mannsåker fortalde om trygge nynorskbrukarar i språkdelt ungdomsskular, og Terje Breivik, stortingsrepresentant for Venstre, fortalde om korleis ordninga med at elevar over heile landet må lære sidemål, sikrar rekrutteringa til nødvendige stillingar i nynorsk-kommunar. Til slutt i denne bolken fekk skuleelev Liva Thiis frå Odda trampeklapp etter at ho hadde fortalt om alle føremonene med å gå i nynorskklasse i ein språkdelt ungdomsskule.

Politikarane la fram sine reaksjonar på mållagskrava, og sju av ni parti støtta alle fem krav. Unntaka var Høgre og FrP.

Liv Kari Eskeland (H) var tydeleg på at på landsmøtet i partiet hadde ho røysta imot punktet i Høgres program om at det skal bli slutt på eigen karakter i sidemål. Torkild Åmland (Frp) meinte målstriden var over, og at skuleelevar og andre heretter burde få velje heilt fritt om dei ville lære og bruke nynorsk eller ikkje.

Sett bort ifrå H og Frp var dei andre representantane samstemde i å stø dei fem krava frå Mållaget. På spørsmålet om språkdelt ungdomsskule («Odda-modellen») blei møteleiar Brekke veldig konkret. Svar ja eller nei, sa han – om det blir utgreidd at Odda-modellen vil koste 50 millionar kroner å gjennomføre, vil de røyste ja til å innføre han då? Det ja'et kom samstemd frå dei sju partia – men Høgre og Framstegspartiet kunne ikkje svare konkret ja eller nei.

Startar nynorsk netta

Framtida.no har vore ein stor suksess. No ynskjer redaksjonen å nå dei yngste lesarane med **Framtida Junior**.

Då nettavisa Framtida.no starta opp i 2010, var mange positive, men moglegvis ikkje heilt overtydde om at ho kom til å leva fem år seinare. Men genistreken var å knyta nettstaden opp til ABC Startside og Espen Udland, og å tilsetja Svein Olav Langåker som redaktør. Slik fekk ein både stabilitet og visjonar, og det gjev effekt. Framtida.no har blitt akkurat det lokomotivet for nynorsk på nett som ein drøymde om. Berre til no i år har nettstaden hatt over 500 000 unike brukarar, og er med det den største nynorske nyhendekanalane på nett.

Noko av suksessen kjem av at Langåker har fått til mykje ut av lite, og ved å nytta seg av det som på fint bokmål heiter synergieffekt. For Framtida-redaksjonen har også ansvaret for *Pirion*, *Magasinett*, *LNK-Nytt* og sikkert endå fleire *LNK*-prosjekt. Dei har også vore flinke til å samarbeida med lokalaviser, både ved stoffutveksling og marknadsføring. Både Vinjefondet og Fritt Ord har vore viktige støttespelarar, og Kulturrådet har òg støtta dei med fleire prosjekt.

VIL NÅ UNGANE Framtida.no har blitt ein veldriven produsent av nynorsk på nett retta mot ungdom, og kunne sikkert ha sagt seg nøgd med det. Men brått banka Samlaget på døra. Dei sakna ein kanal der dei yngste kunne lesa om nye bøker, og kva kunne Framtida.no gjera med det?

Dei var ikkje vanskelege å be. Det har aldri vore eit mål berre å halda på med å laga nettsider, målet har heile tida vore å nå ut til born og unge med nynorsk. Ei



»FRAMTIDA JUNIOR

- Ny nettavis retta mot ungar.
- Blir eigd og driven av Lands-samanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK), *Magasinett* og ABC Startside.
- Svein Olav Langåker er redaktør og prosjektleiar, Espen Udland er ansvarleg redaktør.
- Samarbeider med Hallingdølen, Sunnhordland, Hordaland, Sogn Avis og Os og Fusaposten.
- Har fått prosjektstønad frå Kulturdepartementet og Utdanningsdirektoratet, i tillegg til stønad frå Samlaget.

Nynorsk kultursentrum meiner valresultatet kan s



– **VALRESULTATET** kan styrkje nynorskpolitikken i Stortinget, meiner direktør **Ottar Grepstad** i Nynorsk kultursentrum.

– Framgangen for dei fleste opposisjonspartia og Venstre og KrF over sperregrensa gir grunn til optimisme. Dei partia som har programfesta den beste nynorskpolitikken for åra 2018–2021, står samla sterkare no. Nynorsk kultursentrum ønskjer eit godt samarbeid med alle partia i Stortinget, og det arbeidet tek til med stats-

budsjettet for 2018, seier Ottar Grepstad i ei pressemelding.

Nynorsk kultursentrum har identifisert 21 nynorskbrukarar i det nye Stortinget, like mange som blei refererte på nynorsk 2013–2017. Dei er valde inn frå åtte fylke frå Troms i nord til Telemark og Rogaland i sør. I alle stortingsgrupper med meir enn ein representant blir minst ein referert på nynorsk.

– Nynorskbrukarane landet rundt treng tydelege representantar som Terje Breivik (V),

Tore Storehaug (KrF), Liv Signe Navarsete (Sp), Torgeir Knag Fylkesnes (SV), Hadia Tajik (Ap), Helge André Njåstad (Frp) og Solveig Abrahamsen (H), seier Grepstad.

– Det er viktig at både statsrådar og mange stortingsrepresentantar bruker nynorsk. Norsk språkpolitikk treng også nøkkelpersonar i ulike parti som brenn for tiltak som kan fremje språkleg jamstilling. Vi vonar dei vil samarbeida på tvers av partigrenser på ein slik

avis for ungar



Vil nå dei yngste: Svein Olav Langåker og Janne Nerheim i Framtida-junior.no-redaksjonen er klare for å nå dei yngste lesarane.

Foto: Magne Kydland

– Me har som mål å gjera han akkurat så gøy og interessant at ungane har lyst å lesa på eiga hand, heilt av fri vilje. Og han skal vera så interessant og lærerik at lærarar får lyst å nytta han i skuletimane.

Framtidajunior.no vil ha kvisar, videoar, direktesendingar frå fuglereir og dyrehi frå Zooom.no, bokmeldingar frå born, faktaartiklar og nyhendeartiklar.

– Me vil samarbeida med Noregs Ungdomslag om dei flotte videoane dei har av tradisjonsdans og tradisjonsleik på Folkepedia.no.

Langåker fortel at dei kjem til å laga pedagogiske opplegg som skal gjera det lett for lærarane å gjera seg nytte av Framtidajunior.no. Slik vil dei gjera avisa relevant også utanfor kjerneområda.

– Kvar dag ser me at skuleklassar over heile landet nyttar Framtida.no i undervisninga. Me kan fylgja med på kvar trafikken på nettstaden kjem frå, og er det brått tjuve nye lesarar i Kirkenes, eller tretti ekstra i Ålesund, så veit me at det mest truleg er ein skuleklasse som sit og les på sida, seier Langåker, som også avslører at dei leikar med tanken om å laga ei papiravis over same lest.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

undersøking mellom lærarar i barneskulen synte at det er eit skrikande behov for akkurat aktuelle saker på nynorsk. Nokre møte og ei handfull søknader seinare er no Framtida Junior klar for lansering.

– Framtida Junior er ein nettstad for ungar mellom 7 og 13 år, fortel Langåker, som sjølv sagt også blir redaktør for den nye satsinga.

tyrkje nynorskspråket

måte at det blir fleirtal for tiltak som gjer det lettare å vere nynorskbrukar, seier Grepstad.

Direktøren er kritisk til den språkpolitikken regjeringa Solberg har ført 2013–2017.

– Den elles så reformvillige regjeringa prioriterte aldri kulturpolitikk og fremja ikkje sjølv ei einaste sak som kunne gi nynorskbrukarane betre vilkår. Dei positive vedtaka som kom, dreiv Venstre og Kristeleg Folkeparti fram med støtte frå nøkkelpersonar i Høgre. For 2018–2021 har

Høgre heldigvis moderert eigen språkpolitikk, seier Ottar Grepstad.

Meldinga til det nye Stortinget frå Nynorsk kultursentrum er klar:

– Stortinget bør ikkje sitje stille i fire år til og la regjeringa sjå bort frå det lovfesta kravet om ei stortingsmelding kvart fjerde år om bruken av nynorsk i offentlig forvaltning. Valresultatet inviterer Stortinget til å ta tilbake styringa over norsk språkpolitikk, seier Grepstad. (NPK)

Teikneseriehonnør til Smørbukk

I sommar heidra Norsk tegneserieforum (NTF) teiknar **Håkon Aasnes** og **Norsk Barneblad** med heidersprisen Sproing for 2016-utgåva av juleheftet Smørbukk.

– Aasnes har fornya serien, men samtidig halde på så mykje av det gamle at alle kan gle seg over ein gammal klassikar i ny og spennig form, seier NTF om prisvinnaren.

Håkon Aasnes (74) synest det er artig å bli sett pris på, ikkje minst i form av skryt frå fagmiljøet.

– Ja, det er sikkert. Det viser òg at det er folk der ute som les og set pris på det ein gjer. Når eg sit for meg sjølv og skriv og teiknar, så føler eg meg nærmast som ein skodespelar som står bak sceneteppet utan å vite om det sit publikum i salen, seier Aasnes.

Håkon Aasnes (74) har laga Smørbukk heilt sidan 1982, da han tok over stafettpinnen etter Solveig Muren Sanden. Dermed har han teikna den legendariske antihelten lenger enn både Sanden og Jens R. Nilssen, som laga dei første Smørbukk-stripene i 1938.

I dag er Smørbukk ein av få teikneserier som stadig blir laga på gamle måten på papir med teksting og fargelegging for hand.

Aasnes stadfestar elles at han prøvd å utvikle Smørbukk varsamt i pakt med tida, men utan å gjere dei heilt store endringane i den klassiske serien.

– Han har vorte litt fornya, men ikkje så mykje. Den raude islendaren er den same, men holmenkoll-lua er bytt ut med ein meir moderne caps og nikkersen med ei vanleg olabukse. Og så har han fått nokre nye element, slik som mobiltelefon, heime-pc og snøbrett. Han må passe inn i samtida så godt det lèt seg gjere, seier Aasnes.

Sidan byrjinga av syttitalet har elles Aasnes laga tekst og teikningar til rundt tjuve teikneserier, mellom dei Seidel og Tobram, Tuss og Troll, Gråtass, Annika, Fantomet og Donald, fleire av dei med medprisvinnar Norsk Barneblad som utgivar. Sidan 2005 har han òg laga julehefta om Nr. 91 Stomperud. (NPK)



Språkrådet opprettar ekspertutval

Eit ekspertutval på sju personar skal sjå nærmare på den norske språkpolitikken og kva som skal til for å sikra at norsk språk blir brukt på alle samfunnsområde i framtida.

Det er språkdirektør **Åse Wetås** som har utnemnt utvalet. I ein omtale på eigne nettsider peikar Språkrådet på at det er ti år sidan den førre språkmeldinga Mål og mening blei behandla i Stortinget, og at det er på tide å vurdere dei språkpolitiske innsatsområda på nytt.

På Språkdagen som Språkrådet arrangerer 15. mars neste år skal utvalet leggja fram sentrale satsingsområde for ein framtidig norsk språkpolitikk. Utvalet skal også levera ein ferdig rapport innan 15. august neste år.

I tillegg til å koma med forslag til viktige satsingsområde for å sikra at norsk språk blir bruk på alle samfunnsområde i framtida, skal utvalet også gje innspel om kva som er det viktigaste for å sikra tilgang til og bruk av dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og norsk teiknspråk.

Dei sju medlemmene i utvalet er: Unn Røyneland (UiO) (leiar), Terje Lohndal (NTNU), Eirik Newth (frilanser), Wegard Harsvik (LO), Hilde Sol-lid (UiT), Hilde Sandvik (Broen xyz), Shahzad Rana (Microsoft). (NPK)



Inviterer til spleisefest

Neste år rundar **Samlaget** 150 år. I staden for ein prangande fest for institusjonen, vel forlaget å feire den nynorske litteraturen.

Det ville ikkje vore unaturleg for eit forlag som jubilerer, å gje ut ei jubileumsbok. For dei fleste andre institusjonar og verksemdar kan det høyrast ut som ei umogleg oppgåve. Men for eit forlag burde vegen vere mykje kortare, med lett tilgang på både skrivande folk og produksjonsapparat.

Men Samlaget har ingen prangande planar om å feire seg sjølv. Rett nok vil det vere ei markering på Det Norske Teatret i april, men noko festskrift blir det ikkje. I staden vel forlaget å feire den nynorske litteraturen generelt.

– Forlaget er uløysleg knytt til nynorsken, seier administrerande direktør Edmund Austigard.

– Utgangspunktet var ikkje å skipe eit forlag av di det var triveleg å gje ut bøker, men av di språket trong å kome mellom to permar. Sidan det ikkje fanst ein marknad for det nye språket, vart løysinga å lage ein bokklubb der medlemmene plikta seg til å kjøpe det som vart gitt ut. Sjølv om ting har endra seg, så har me framleis same struktur og målsetjing. Me er ein medlemsorganisasjon, eventuelle overskot går til å gje ut meir litteratur, og me har ansvar for

at det kjem ut bøker på nynorsk i alle sjangrar. Difor nyttar me jubileet til å auke medvitet om nynorsk litteratur i staden for å feire oss sjølve som institusjon, seier Austigard.

INVITERER TIL SAMARBEID

Den største satsinga er ei nynorsk litteraturhistorie skriven av Jan Inge Sørbo. Boka skal trekkje trådar frå Ivar Aasen og heilt fram til 2017. Forlaget fortel at denne vil vere synleg på dei fleste litteraturfestivalane neste år, og Sørbo vil nok også måtte førebu seg på ein del reising.

I mars skal det vere eit «Nasjonalt digitalt lese døgn» der målet er at flest mogleg, og særleg skuleelevar, skal lese nynorsk i eitt eller anna digitalt format. Dette er ein del av den digitale satsinga til forlaget, og vil vere eit samarbeid med Nynorsk Kultursentrum og moglegvis Foreininga lLes.

Den siste stolpen er «Nynorsk Lesefest», som er ei laus samanslutning av tilskipingar der Samlaget gjerne vil ha lokallaga i Mållaget og folkebiblioteka med på ei feiring av den nynorske litteraturen.

– Me håpar på at lokallaga har lyst å vere med på denne feiringa, seier Guro Kvalnes, som er prosjektleiar for jubileet.

– Me veit at mange lag er flinke til å skipe til litteraturkveldar og forfattarbesøk, og ber om å få lene oss litt på dei, og eventuelt inspirere andre lag til å gjere noko liknande. Me oppmodar også alle folkebiblioteka til å markere jubileet, og her vil eg tru det er rom for samarbeid, seier Kvalnes.

Ho fortel at forlaget vil i endå større grad enn vanleg kunne stille

opp med hjelp til slike tilskipingar, dei vil lage ein del materiell og gje økonomisk tilskot.

AUKA MEDVIT I 2019 skal Noreg få ei særstilling ved den internasjonale bokmessa i Frankfurt. Austigard fortel at det har gjort både han sjølv og forlaget meir medvite på kva særstilling forlaget er i.

– Sjefen for messa fortalde meg at det viktigaste Noreg har å kome med, er språksituasjonen vår, med bokmål, nynorsk og samisk. Måten dette vert handsama på i Noreg, er unikt, med lovgjeving og klåre avtalar og råmer innanfor litteraturen. Ein journalist frå den spanske avisa *El Pais* vitja oss i fjor, ho skulle i utgangspunktet snakke om barnelitteratur. Men sidan ho var baskar og kjende godt til den katalanske språkkampen, så tykte ho at det var svært interessant å høyre om Ivar Aasen. Men samstundes merkar eg at t.d. Utanriksdepartementet og andre som er involverte i denne Frankfurt-hendinga, manglar ei forståing for dette, seier Austigard.

Han ynskjer difor å nytte jubileet til å snakke om kvifor nynorsk og nynorsk litteratur er så viktig, og kva han har hatt å seie for samfunnsutviklinga.

– Me skal bli tydelegare på kven me er, og ikkje ta for gitt at folk veit om det. Målrørsla har ein stor informasjonsjobb å gjere, men ingen av oss er i stand til å gjere det aleine. Men kan hende kan Samlaget nytte dette jubileet til å bidra litt, seier Austigard.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



Smelta øyrevoksen: Daniel Kvammen og band rocka uteamfiet på Aasen-tunet under Dei nynorske festspela 2017.

Foto: HumberstFoto/NPK

Allsidige, våte og varme

– **KULTUR PÅ SITT ALLER BESTE**, sa festspeldiktars Lars Mæhle etter Dei nynorske festspela i sommar.

Hovudpersonen, festspeldiktars Lars Mæhle, reiste heim frå Dei nynorske festspela 2017 med gode minne. Festspela vart arrangert for 26. gong første helga i juli.

– Eg vil alltid ha med meg bilde og inntrykk herifrå, frydefulle barneblikk, gode samtalar, musikk, ord og gode ansikt. Kort sagt: kultur på sitt aller beste, sa Mæhle.

Festspeltemaet tabu utfordra til samtalar og diskusjonar både på scena og rundt kaféborda mellom arrangementa.

– Mykje av det som er sagt og gjort

under Festspela, inneheld både kunnskap, undring og opplevingar vi er stolte over å kunne gi gjestane våre, og det varmar at både publikum og utøvarar seier at dette er viktig, fortalde programansvarleg Monika Haanes Waagan.

Spesielt familiekonserten i samarbeid med lokale kulturskular har blitt trekt fram som eit viktig bidrag til den nynorske barnekulturen.

Ein allsidig festspeldiktars med eit brennande engasjement for barn og unge gav eit breitt tilbod til denne aldersgruppa. Arrangementa strekte seg frå litterær konsert, krimgåte, Lurivar-framsyning, via fotball til lesestunder på fleire stader i Ørsta og Volda.



Inviterer: – Me håpar på at lokallaga har lyst å vere med på denne feiringa, seier Guro Kvalnes, som er frontar jubileet. Edmund Austigard vil ha ei meir tilbaketrekt rolle.

Foto: Kjartan Helleve

Litteraturdagane blir ein del av Vinje-senteret

I år var medlemslaget for siste gong ansvarleg for **Litteraturdagane i Vinje**. Frå 2018 blir festivalen ein del av Vinje-senteret.

– Det gjekk veldig bra i år, fortel leiar i medlemslaget, Aud Groven. – Det var rekordmange deltakarar på tilskipingane, og me har fått veldig gode tilbakemeldingar på programmet.

Gjestane fekk med seg Nordstoga, Vesaas, Parr, Økland og Kråkevik på ei lang rekkje med samtalar, opplesingar og føredrag. Teaterframsyninga i Vinjehuset fredag kveld, der Henrik Mestad dramatiserte livet til Olav H. Hauge, var så full at det måtte setjast ut stolar framføre fyrste rad.

– Litteraturdagane har heile tida endra seg, sjølv om me har halde på nokolunde det same opplegget. Det håpar me at festivalen skal gjere i framtida òg. Grunntanken er at alle skal kunne vere med på alt, at tilskipingane ikkje skal overlappe, seier Groven.

Neste år er det Vinje-senteret som tek over ansvaret, etter ein avtale mellom Nynorsk kultursentrum og medlemslaget. Avtalen om overtaking inneber at ansvaret for

program, økonomi og organisering ligg hos Nynorsk kultursentrum..

Groven trur at dette vil lyfte tilskipinga.

– Å kople Litteraturdagane til det nye Vinje-senteret er heilt naturleg. Alle er interesserte i at senteret skal kome og at det skal fungere, og det er naturleg å knyte festivalen i hop med senteret, seier Groven som understrekar det gode samarbeidet.

– Eg trudde at dei som har vore med lengst, ville vere skeptiske til å gje frå seg ansvaret, men det har vore lite og ingen uro om dette. Grunnen er at Nynorsk kultursentrum har vore veldig ryddige, og laga ein skikkeleg avtale som gjer overgangen ryddig, fortel Groven.

Avtalen seier at to av fem medlemmer skal nemnast opp etter framlegg frå medlemslaget, som også får høve til å stå for eit eige arrangement på kvar festival. På den måten vil medlemslaget ha ei rolle også i framtida.

– Me er trygge på at Litteraturdagane i Vinje er i dei beste hender når Nynorsk kultursentrum no tek over, seier Aud Groven.

Pressemelding / Kjartan Helleve

Ottar Grepstad med Vinje-bibliografi

Direktor **Ottar Grepstad** i Nynorsk kultursentrum i Ørsta har laga bibliografi over alle tekstane av og om journalisten og forfattere **Aasmund Olavsson Vinje**, mellom anna med ein til no upublisert Vinje-tekst.

Teksten stammar frå éin av to sjølvbiografiar Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) skreiv i 1860-åra. Siste delen av ein av dei to vart ikkje trykt den gongen, men er med i *Vinje-bibliografien*.

Boka rommar elles to essay og i alt 4.400 oppføringar over tekstar av og om Vinje. Ifølgje bibliografien skreiv Vinje sjølv vel 400 dikt og 1.600 artiklar. Om lag to tredelar av dei førte han i pennen på nynorsk, resten på dansk-norsk eller dialekt.

– Han skreiv mest for tida og staden, var ein beundra folketalor og langt frå så tidlaus som verkutgå-



vene og litteraturhistoriene gir inntrykk av. Vinje publiserte nesten alt han skreiv, men fire av ti tekstar har aldri vore trykte i bok eller på anna vis etter at han døydd, seier Ottar Grepstad i ei pressemelding.

Vinje-bibliografien er den første utgivinga i samband med det planlagde Vinje-senteret for diktning og journalistikk i Vinje i Telemark. (NPK)

ne festspel i Hovdebygda

ÅRETS NYNORSKBRUKAR

– Nynorsken er ein del av identiteten min, og om eg valde språket mitt vekk, så mister eg truverdet, sa Årets nynorskbrukar 2017.

Etterretningssjef og generalløytnant Morten Haga Lunde, tok i mot prisen under opningshøgtida. Til Nynorsk pressekontor innrømmer han at han er redd han hadde mista truverdet om han ikkje held på nynorsken.

Prisutdelar Grete Riise frå styret i Nynorsk kultursentrum stadfesta nettopp at truverdet er i hevd då ho delte ut prisen og sa mellom anna dette om etterretningssjefen: – Ved

å bruke nynorsk gir Morten Haga Lunde språkbruken ein autoritet som ikkje kan bortforklarast.

– Nynorsk er eit godt og nøyaktig språk som vitnar om presisjon, sa Haga Lunde under utdelinga. Det er eit svært presist språk det er godt å bruke i arbeidet vi står for. Viss eg ikkje kan stå fram som truverd, ja då blir det heilt gale, slo etterretningssjefen fast etter utdelinga.

Han hadde heller ingen problem med å love den fullsette salen at det at Fokus 2017, etterretningstenesta si vurdering av aktuelle tryggingstfordringar, i år kom ut på nynorsk, ja

det er ikkje berre noko som skjedde denne eine gongen:

– Neste Fokus-rapport kjem også på nynorsk. I tillegg til at det er naturleg for meg å bruke nynorsk som arbeidsspråk, oppfyller eg også rolla mi som embetsmann ved å bruke nynorsk som arbeidsspråk, slo prispinnaren fast til publikum.

LÅGARE ENN VENTA Fire dagar med både tropevarme og pøsregn viste igjen på besøket på nokre av festspelarrangementa. Regnet søndag bidrog nok til at mange heldt seg heime frå utandørsarrangementa. Mest besøkt var konserten med Stein

Torleif Bjella torsdag kveld med 344 gjester. Det førebelse publikumstalet er 4044, og billettsalet er lågare enn budsjettet, opplyser Nynorsk kultursentrum i ei pressemelding.

– Nokre færre arrangement enn i fjor og regn har truleg vore med på å gi oss det lågaste publikumstalet på fleire år. Når vi neste år flyttar Festspela til tidlegare i juni, er det også naturleg å sjå på om vi kan gjere fleire ting på nye måtar, sa dagleg leiar Gaute Øvereng i Aasen-tunet, som la til at publikum gjennom spørjeundersøkinga gav Festspela gode karakterar.

KAROLINE RIISE KRISTIANSEN
NPK

– Om ein skal endra norma i bokmålslei som eit tiltak mot press frå det dominerande bokmålet, so vil det til slutt ikkje vera noko att av språket, seier **Arvid Langeland**. Svaret er ei ordliste og ei tradisjonstru norm.

Endeleg i mål

2012-norma har eit dårleg år. Det som skulle vera ei stram norm for framtida, har fått to tilsvar. I vår kom Enkel nynorsk ordliste, av Karl Arne Utgård, Aud Søyland og Margunn Rauset. Og no kjem Nynorsk ordliste – Tradisjonell og einskapleg norm, redigert og skriven av Arvid Langeland og gjeven ut av Kunnskapsforlaget.

– Det som var direkte utløysande, var rettskrivinga som vart gjort gjeldande frå 1. august 2012, fortel Langeland.

– Norma opna for so mykje tilnærming til bokmål at eg oppfatta det som ei normoppløysing og ein alvorleg fare for eksistensen til nynorsk. Eg trudde dei skulle syna måtehald og i det store og heile halda seg til læreboknormalen når dei skulle laga ei enkel og tydeleg norm, men det gjorde dei ikkje. Dei sleppte inn opplagde tilnærmingsformer som opnar opp for ei glideflukt mot bokmål. I tillegg er det so stor sokalla valfridom at det er ein karikatur – infinitiv av verbet ynskja kan skrivast på åtte ulike måtar. Det var då me skipa «Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk» for å få gjeve ut ei ordliste tufta på ei tradisjonell og einskapleg norm som me kunne samlast om og strid for.

RIKSMÅLET HAR LUKKAST

– Det er litt ironisk at det kjem to private normer berre få år etter at Språkrådet utarbeidde ei norm som skulle vera tydeleg og enkel?

– Riksmålsfolka har lukkast med målstriden sin. Dei har i stor grad fått gjennomslag for sine former i den nye bokmålsrettskrivinga frå 2005. Dei har gjeve ut ordlister heile vegen og dei har teke hand om sitt eige språk. Riksmålsordlisten og Aftenpostens rettskrivningsordliste er truleg viktigare som normering-innstans enn Bokmålsordboka. Dei held seg i all hovudsak innanfor gjeldande bokmålsnorm, men har òg med somme former som ligg utanfor norma.

– Det er lett å vera samd i.

– Men normeringsstyresmaktene har heile vegen godteke fleire og fleire bokmålsord. Då nynorsk fram mot 2012 skulle normerast på sin eigen grunn, svikta Språkrådet heilt. Tilnærminga mot bokmål heldt berre fram, og ordlista til Utgård, Søyland og Rauset er eit døme på ei ordliste som med få undantak systematisk vel dei bokmålsnære

» NYNORSK ORDLISTE – TRADISJONELL OG EINSKAPLEG NORM

► Har utgangspunkt i heftet *Tradisjonell og fylgjerett norsk*, som Langeland saman med Ola I. Breivega gav ut i 2012.

► Seinare same år vart «Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk» skipa, og dette nettverket har hjulpet til med å arbeida fram denne ordlista.

► Haldor O. Opedals fond, Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo, Ullensvang mållag og Voss mållag har støtta utgjevinga.

► Dette intervjuet er skriva etter norma i denne ordlista.



formene. Ei norm som i so stor grad opnar seg mot bokmål, er i praksis eit åtak på nynorsken. Miljø som skriv nynorsk av di dei må gjera det, t.d. delar av embetsverket og offentleg administrasjon, kan, dersom det ikkje er fastsett nokor husnorm som fastset noko anna, systematisk nytta dei nynorskformene som ligg nærast bokmål. På den måten kan dei vera med å styra utviklinga av nynorsk endå nærare bokmål.

MÅLREISING – Det er eit impo-
rante dagnadsarbeid, dette.

– Hadde eg forstått fullt ut kor mykje arbeid det var, so er eg ikkje sikkert på om eg hadde gjeve meg

i kast med det. Det vart uhorveleg med arbeid. Men eg har alltid vore ein ihuga målmann, og det var uuthaldeleg å sjå at nynorsken vart so dårleg medfaren. Over tre generasjonar har styresmaktene forma offisiell rettskriving slik at ein kan skriva meir og meir bokmålsnært. Dette er ei styrd avvikling av nynorsken. Eg greidde ikkje å sjå på at språket vårt vart sundrive på denne måten. Det var utgangspunktet, og det er det som har drive meg vidare.

– Er det meininga at dette skal vera ei bruksbok, eller er det eit politisk innlegg?

– Det kan vera alt på ein gong. Det er ei praktisk rettleiing, med ein grammatikk som tek føre seg viktige skilnader mellom bokmål og nynorsk, til hjelp for både nynorskfolk og bokmålsfolk. Grammatikken og sjølve ordlista fastset ei tradisjonell og einskapleg norm. Samstundes vonar me at dette kan verta ei målpolitisk kraft, og målet er at dette skal reisa opp att nynorsken som eit sjølvstendig språk, på lik linje med til dømes bokmål, svensk og dansk.

– Du kallar det målreising?

– Målreisinga er ikkje slutt. Det kan vera nokon som tenkjer at ho no er komen til endes, og herifrå kan det berre gå nedover. Men eg meiner at me berre er komne eit stykke på vegen. Samanlikna med det Aasen stod andsynes i si tid, so er me på mange måtar komne til duk og dekt bord. Men det er samstundes mørke skyer i horisonten.

– Nokon vil hevda at styrken til nynorsk ligg at ein kan kjenna att talemålet sitt i skriftspråket.

– Aasen valde å tufta landsmålet på alle norske målføre. I dei tilfelle målføra hadde halde på det same eller hadde forandra seg likt, kunne Aasen leggja skriftmålet tett opp til talemålet. Det gjer at mange finn detaljar i sin eigen dialekt att i nynorsken. Men i dei tilfella der dialektane har utvikla seg ulikt, måtte han velja ei form, og då kom han fram til at det vanlegvis var dei historiske grunnformene, som notidsformene hadde greina seg ut frå, som var dei beste samlingsformene. Dette er einskapsprinsippet. Det må finnast ei form for kvart ord. Det er slik eit standardmål er, og må vera. Det tyder at ein må leva med at det er større eller mindre skilnad mellom talemål og skrivemåte alt etter kor mykje talemålet skil seg frå norma. Eg kjem frå Hardanger og har ao-

lyden, men lever med å måtte skriva å for ao. Det fantastiske er at me her i landet har eit språk som har eit slikt fundament. Spriket mellom dialektar og skriftspråk er mykje større i svært mange andre land. Alternativet – dersom ein ville ha eit standardmål som var systematisk lydrett (ortofont), so måtte ein velja ein dialekt eller ei gruppe med nærskylde dialektar som grunnlag.

– Men litt valfridom må vel vera lov?

– Ja, me har til dømes ført opp både jol og jul, fare og fære, klippa og



Målpolitisk kraft: – Me vonar at ordlista kan ha ei målpolitisk kraft, og målet er at dette skal reisa opp att nynorsken som eit sjølvstendig språk, på lik linje med til dømes bokmål, svensk og dansk, seier Arvid Langeland.

Foto: Helse Bergen

klyppa, men me har fjerna mykje sokalla valfridom som gav samanfoll med eller tilsikta tilnærming til bokmål.

EI TRYGG HAMN – Du er ikkje redd for å skyva frå dykk folk med ei sopass trong norm, og med di de gjev råd om standarduttale?

– Tidlegare regjerte talemålet. I eit moderne samfunn har skriftmålet mykje større plass. Samstundes flytter folk meir, og me har meir samkvæme med folk som har andre dialektar, og ikkje minst: Mange vert bombarderte med bokmål og bokmålsnært talemål. Det gjer at me stadig oftare er i situasjonar der målet vårt vert utfordra, og me kan koma i tvil om kva ord me skal nytta eller føla press. Då vil eit normaltalemål og ei slik ordliste vera til hjelp. Nynorsken vart bygd på talemål, og no kan han hjelpa oss med å halda på det tradisjonelle talemålet. I dansketida overlevde det norske målet gjennom dialektane; i ei moderne, omskifteleg tid er det nynorsken, som ein klassisk standard bygd på dialektane, som kan føra det norske målet vidare, som eit språkleg ryggstø for alle som treng det.

– So dei gode dagane for dialekt går mot slutten?

– Det er ganske sårt å erkjenne. Eg er glad i dialektane, dei er ein kolossal rikdom. Difor er det ikkje so kjekt å registrera at dei vert hardt medfarne og avhøvla. Difor er det viktig å få nynorsken inn på sin eigen grunn, å gje oss noko å halda fast i. Ei stødige tradisjonell norm er det beste uttrykket for systemet i dei norske dialektane.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



ANNE SVANAUG
STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

25 prosent – også på nett

NRK HADDE SITT beste «nynorskår» på nett i 2015. Dei var oppe i 18 prosent, men i fjor sokk dei ned til 17 prosent. Kvifor når dei ikkje kravet om 25 prosent nynorsk på nett?

I HANDLINGSPLANEN DEI har utarbeidd, har dei gjort ei undersøking av kor mange journalistar dei har i NRK med nynorskkompetanse. I alt svara 18 prosent av dei spurde journalistane at dei skriv nynorsk privat. Men berre 13 prosent skriv nynorsk på jobb. Det kjem fram av rapporten at nynorsk-journalistane ynskjer "meir oppmuntring" for å skrive nynorsk på jobben.

MED ANDRE ORD tyder det på at NRK har mykje kompetanse i sitt eige hus, dei må berre finne han fram att. Og er det berre oppmuntring som skal til, er eg ikkje i tvil om at NRK skal klare det.

LIKEVEL HANDLAR DET ikkje berre om slike presentar i det store biletet. Det handlar like mykje om mengda saker kvar journalist lagar og på kva plattformar. Har du ein nynorskjournalist som lagar mest saker til TV eller radio, vil nynorskdelen auke der. Om då ein bokmålsjournalist i tillegg lagar desse om til nettsaker, deskar saka, aukar bokmålsdelen på nett.

UTVALET SOM HAR laga handlingsplanen, gjer sjølv framlegg om at TV- eller radiosaker laga av ein nynorskjournalist, skal deskast på nynorsk, jamvel om det er ein bokmålsbrukar som skal deske saka. Dette er det einaste rette! Journalisten som har laga originalsaka, bør også få deska si sak til sitt språk.

FÅR ME MYKJE dårleg nynorsk-journalistikk då? For det kjem til å sitje bokmålsbrukarar som ikkje er like stø i nynorsk som skal deske desse sakene. Og ja, det kan vel vere det skjer i ein overgang her. Men ein må ikkje gløyme at «alle» i Noreg, – her sjølv sagt med unntak, har hatt sidemålsundervisning på skulen. Det vil seie at bokmålsbrukarar i utgangspunktet skal vere kompetente i nynorsk. Men verda er ikkje svart og kvit, og me veit at ikkje alle har fått like god uttelling av undervisninga.

MEN DET BETYR ikkje at toget har gått. Det er framleis høve til å bli stø i språket. Arbeidsgjevaren har ansvar for gje tilsette tilstrekkeleg opplæring. Dei kan til dømes halde nynorskurs slik at arbeidsstokken er kompetent til å utføre arbeidet arbeidsgjevaren, NRK, ber om. Kringkastingsringen ser fram til å sjå ringverknadene av handlingsplanen, og ynskjer NRK lukke til med det viktige arbeidet for å få meir nynorsk på alle plattformer.

Moderat nynorsk dominerer

Dei moderate formene i nynorsk dominerer fullstendig over både radikale og konservative variantar, viser ei doktoravhandling som er gjort ved Universitetet i Bergen (UiB).

Det er høgskulelektor Stig Jarle Helset ved Høgskulen i Volda som har forska på dei såkalla operative normene i nynorsk. I eit stort utval nynorsktekstar frå perioden 1980–2000 har Helset kartlagt bruken av ordformer, og korleis ulike former samvarierer i tekstane.

Avhandlinga konkluderer med at dei moderate ord-

formene i materialet dominerer heilt over dei radikale og konservative. Samtidig fann Helset «ein tydeleg varietet av moderate og svakt radikale former og ein noko mindre klar varietet prega av meir radikale former, medan det ikkje er grunnlag for å identifisere nokon konservativ varietet», heiter det på nettsidene til UiB.

– Funna i avhandlinga tilseier at ein ved framtidig normering av nynorsk bør gå i retning av ei meir snever rettskriving som er prega av moderate former, konkluderer Helset.

Helset disputerte for doktorgraden ved Universitetet i Bergen 18. august. (NPK)

SVEIO KOMMUNE SET FORELDRA PÅ SKULEBENKEN:

– Fantastisk med kurs i nynorsk

Sveio kommune er først i Noreg med å arrangera kurs i nynorsk for foreldre.

På Vikse skule, kring 15 minuttar frå Haugesund sentrum, står Petter Steen Jr. og ønskjer alle foreldra velkommen.

– Då vil eg nytta høvet til å ønska velkommen til dette nynorskkurset på Vikse skule. Her skal me snakka om korleis ein kan vera gode foreldre i ein nynorskkommune. Eg håpar det kjem mange spørsmål, seier han.

Ein far rekker opp ei hand:

– Kva betyr «å nytta høvet»?

– Det betyr å «benytte anledningen», svarer Steen.

FØRST I NOREG Sveio kommune ligg nord for Haugesund, og tar i mot mange tilflyttarar. Det utfordrar språket i nynorskkommunen. Petter Steen Jr. er tidlegare lærar og Haugesundordførar. No er han prosjektansvarleg for eit språkprosjekt i skulane i Sveio.

Sveio kommune er ein av 55 språkkommunar. Desse kommunane er pilotkommunar i Språkløyper, regjeringa sin nye lese- og skrivestrategi.

Vikse skule er først ut med nynorskkurset som går over to ettermiddagar. No vurderer kommunen å utvida kurstilbodet for foreldre i heile kommunen.

VIL FØLGJA OPP UNGANE SINE

Cato og Silje Ekrene kjem begge frå Haugesund, og hadde bokmål då dei gjekk på skulen. No har dei ein gut på 2. trinn og ein på 6. trinn. Til neste år begynner dottera deira på skulen.

– Eg er på kurset for å kunna følgja opp ungane, og for å forstå bøkene deira. Me bur i ein nynorskkommune no, og då må me læra oss nynorsk, slår Silje Ekrene fast.

– Det er fantastisk å vera på nynorskkurs. Eg håpar me lærer mange tips til korleis me kan læra ungane nynorsk, seier Cato, og seier han snakkar bokmål. På ungdomsskulen sleit han med nynorsk, og synest mange ord er vanskelege.

– Ungane våre snakkar meir nynorsk. Dei seier «heim», mens me seier «hjem».

– Men du seier vel ikkje «ikke»?

– Det er sant, ler han.

«KLOKKARDANSK» OG NOKRE VANSKELEGE ORD

Bak kateteret seier Petter Steen jr. at dialekten i Sveio og i Haugesund ligg veldig nært moderne nynorsk, men at enkelte i Haugesund enno snakkar ei litt forfina utgåve, påverka av det han kallar «klokkardansk» –



» SPRÅKFAKTA

► I skuleåret 2016/2017 var det 76 549 elevar i grunnskulen som hadde nynorsk som opplæringsmål, ein liten auke frå året før. 547 511 elevar hadde bokmål.

► I Hordaland er 30 av 33 kommunar nynorskkommunar. Tre kommunar er nøytrale.

► I Rogaland er 11 av 26 kommunar nynorskkommunar. Tre er bokmålskommunar, medan 12 er nøytrale.

dansk uttalt på ein norsk måte.

– Dere kjenner alle de som snakker pent i Haugesund, hermar Steen.

Han fortel om norsk språkhistorie, om då Noreg kom i union med Danmark og skriftlærde som døydde under Svartedauden. Han fortel om Ivar Aasen og Knud Knudsen, om landsmålet som blei nynorsk, og

riksmålet som blei bokmål.

– Det var taktisk dumt å kalla det landsmål. Mange oppfatta at landsmål var for dei som budde på landet, og ikkje for heile landet, slik det var meint å vera, meiner Steen.

Han meiner òg at gamle skulebøker og lærarar som ikkje var interesserte i nynorsk, har øydelagt for nynorsken.

– Då eg sjølv gjekk på Haraldsvang i 8.klasse, så blei eg lært opp i nynorsk som eit framandspråk, seier Steen, og fortel kva det stod i eine boka hans:

«Jordyta brigdar seg utan stogg». Dei færraste skjonar kva det betyr. På moderne nynorsk vil ein kort og godt skriva: «Jordskorpa utvidar seg utan stopp».

VIKTIG Å LESA NYNORSK Petter Steen jr. seier det er viktig å støtta borna og ungane som har nynorsk på skulen.

– Viss ungane får lesa gode og moderne tekstar som dei forstår, så blir dei gode og trygge nynorskbrukarar, understrekar han.

Han håpar foreldra vil støtta



Petter Steen jr. har starta nynorskkurs for

borna i å lesa minst 20 minuttar kvar dag.

MÅLLAGET: – FANTASTISK

Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, har ikkje høyrte om liknande nynorskkurs for foreldre før.

– Det er eit fantastisk og veldig positivt tilbod, seier han, understre-



Cato og Silje Ekrene får gode nynorsktrips frå kurshaldar Petter Steen jr. (t.h.). – Nynorskкурset er eit bra initiativ, seier Cato og Silje Ekrene.



foreldre på Vikse skule i Sveio.

Alle foto: Svein Olav Langåker

kar at foreldra er viktige for å støtta borna sine og forklara kvifor det er viktig å læra seg nynorsk.

Han meiner slike kurs er særleg viktige i tilflyttingsområde rundt byar, der mange tilflytta foreldre har vakse opp som bokmålsbrukarar.

SVein OLAV LANGÅKER
famtida.no

Prisvinnarar kritiserte eiga fagforeining i takketalen

Politisk journalist i Klassekampen, **Jens Kihl**, gav eit spark til Norsk Journalistlag i takketalen då han fekk Kulturdepartementets nynorske journalistpris 2017.

– Fagforeininga mi, Norsk Journalistlag, er diverre ikkje særleg oppteken av vilkåra for nynorskjournalistane. Det er framleis sånn at det beste språket har dei dårlegaste vilkåra, utan at det plagar NJ noko særleg. Då er det godt at mållaget, den språklege fagforeininga mi, står parat til å kjempe for den nynorske journalistikken.

Jens Kihl kritiserte fagforeininga si for å ikkje bry seg om nynorsken då han saman med kollega og filmmeldar Guri Kulås fekk prisen på Dei nynorske festspela 2017.

– ALLTID ROM FOR SPRÅKPOLITISK KAMP

Han takka vidare Noregs Mållag for det språkpolitiske arbeidet dei gjer. Journalisten, som òg er målmann, meiner at det alltid går an å driva språkpolitisk kamp, også når det er dårlege tider i mediehusa i Noreg.

– Både i gode og dårlege tider er det rom for språkpolitikk, sa han under samtalen dei to prisvinnarane hadde med jury medlem og redaktør for Firdaposten Svend Arne Vee, under Medietimen i Aasentunet fredag.

– Slik mediaverda er no, med nedleggingar av lokalkontor og oppseiingar av journalistar landet rundt, er det å opne for nynorsken eit viktig signal om at ein har ambisjonar om å halde fram som riksavis og ikkje berre vere ei rein osloavis, meiner han.

Kihl nytta òg høvet til å gi eit spark til redaktørane i dei store riksavisene som enda ikkje har opna for nynorsk i avisspaltene; – Redaktørane i dei store riksavisene, ja dei må få kjeft heilt til dei skjerper seg, la den fritalande journalisten til, til applaus frå salen.

– **NYNORSKEN – DET VILTVEKSANDE AVVIKET**
Den andre prisvinnaren, Guri Kulås, kom òg med kritikk til riksavisene som ikkje opnar for nynorsk i spaltene;

– Eg kunne ha spara meg sjølv for bry og bydd meg lettare fram for fleire lesarar om eg brukte majoritetspråket. Det er lettare å skriva korrekt og stilistisk gjennomarbeidd bokmål enn nynorsk. Bokmål er norma, og i pressa er denne norma planta på Aftenpostens konservative grunn, medan nynorsken er det «viltveksande» avviket.

Som filmmeldar i Klassekampen takka ho òg Kulturdepartementet som ikkje berre heidra henne som



Prisvinnarar: Politisk journalist i Klassekampen Jens Kihl og filmmeldar Guri Kulås i same avis deler Kulturdepartementets nynorsk journalistpris 2017. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk.

Foto: Karoline Riise Kristiansen

journalist, men òg filmkritikken som journalistisk sjanger ved å gi henne prisen.

– Somme vil kanskje meina at ein kulturjournalist i Klassekampen burde bli uroa av å bli omfamna av Kulturdepartementet, men denne prisen ser eg på som ein viktig symbolsk stønad til kulturell rikdom og minoritetsrettar. Det er òg grunn til å tru at også majoritetsmålet snart vil trenga meir politisk ryggstø for å overleva på alle samfunnsområde i tevling med engelsk, sa Guri Kulås i takketalen sin.

Begge dei to journalistane takka miljøet og kollegaer i Klassekampen, og spesielt sjefredaktør Bjørgulv Braanen, for støtte, oppmuntring og hjelp til å nytte nynorsk i avisa.

Føremålet med Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre.

KAROLINE RIISE KRISTIANSEN
NPK

Marit Eikemo blir festspeldiktar

Marit Eikemo (biletet) har takka ja til å bli festspeldiktar under Dei nynorske festspela 7.–10. juni neste år.

– Eg er glad og entusiastisk over oppdraget, seier Eikemo i ei pressemelding. Ho synest det er stas å hamna i selskap med nynorskforfattarar som har hatt den same rolla før henne.

Dagleg leiar i Ivar-Aasentunet Gaute Øvereng meiner Marit Eikemo er ei av dei skarpaste stemmene i norsk samtidsliteratur.

– Ho er ei av få satiriskarar som ikkje treng å ty til ironi eller spydige karakteristikkar for å få fram poenget, seier han.

Eikemo debuterte i 1999 med boka *Her, no. Møte med unge mennesker*. Sidan har ho skriva ei essaysamling og fire romanar.

Tidlegare i haust blei Eikemo heidra med Amalie Skram-prisen. I grunngevinga heitte det mellom anna at ho på same måten som Amalie Skram vil for-

stå, men ikkje stilla seg til dommar.

Ifylgje arrangørane vil Eikemo som festivalforfattar også nytta høve til å framheva andre forfattarar og visa noko av breidda i den nynorske skriftkulturen.

– Det vil det bli rikeleg høve til i eit år der forlaget Det Norske Samlaget fyller 150 år, og det blir feira 200-årsjubileum for dikteren og journalisten Aasmund Olavsson Vinje, heiter det i pressemeldinga frå Aasentunet. (NPK)



Dagen før Diktardagane inviterte interimstyret for **Lom og Skjåk dialekt- og mållag** til oppskipingsmøte på folkebiblioteket i Lom.

Nytt mållag i Lom og Skjåk

Erfarne målfolk trudde at det ville kome om lag åtte-ti til møtet. Men arrangørane måtte bere inn nye stolar, og det stogga ikkje før det var 29 frammøtte. Då var det god stemning på folkebiblioteket i Lom.

– Vi hadde venta ei tid med oppskipingsmøte og så tok vi det i samband med Diktardagane. Det var både karfolk og kvinnfolk i alle aldrar. Det var eit verkeleg positivt møte. Vi har dyktige bibliotekarar og eit godt folkebibliotek i Lom med mykje arrangement, fortel Elin Husom Slålien, nyvald leiar i Lom og Skjåk dialekt- og mållag.

– Kvifor har du sagt ja til å verte leiar i lokallaget?

– Eg har lært meg å bli hjelma glad i nynorsken etter utdanninga og etter å ha vore i arbeid.

Eg arbeider i Skjåk kommune og her er administrasjonsspråket nynorsk. Eg føler eg uttrykkjer meg meir ekte på nynorsk. Eg har blitt ein ihuga nynorskforkjempar, smiler Elin Husom Slålien.

– Eg har lyst til å bidra til at fleire av dei som får valet mellom nynorsk og bokmål, vel nynorsk, til dømes i vidaregåande skule.

NYNORSK I REISELIVET Det nye laget skal dekkje kommunane Lom og Skjåk. Tidlegare har Skjåk hatt eige lokallag, men ikkje Lom. No er det valt eit styre med styremedlemmer frå begge kommunane. På spørsmål om kva saker som kan vere aktuelle for det nye laget å arbeide med, nemner Elin Husom Slålien to saker.



Nytt styre i nytt lag: Frå venstre: Julie Garmo, Ragnhild Kolden, Olav Bruheim Kvåle, Elin Slålien.

– Spesielt Lom er ein reiselivskommune og det er viktig å gje positiv merksemd til reiseliv og næringsliv som profilerer seg på nynorsk. Det er mange norske turistar som kjem til våre kommunar, og då er det bra om dei vert møtte på nynorsk. Eg blir så glad når eg ser næringsliv og reiseliv bruker nynorsk. Eg

meiner det vert meir ekte og gjev truverde.

Ei anna sak som er aktuell, er norskopplæringa for vaksne innvandrarar. I kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er undervisninga for dei vaksne innvandrarane på bokmål, medan borna lærer nynorsk på skulen.

– Eg trur det ville vere mykje

» FAKTA

- Vi reknar 197 aktive lokale lag i Noregs Mållag. Av desse er 18 fylkeslag, sju yrkesmållag og resten er lokallag.
- Oppattskipa eller nyskipa lokale lag får 5000 kroner i støtte frå Noregs Mållag og medlemspengerefusjon for dei tre siste åra for oppattskipa lag med lokallagssats.
- Sidan 2014 er det oppattskipa eller nyskipa 12 lokallag.

Nye eller oppattskipa lag:

- **2014:** Vestre Slidre Mållag, Børnlo Mållag.
- **2015:** Stranda Mållag, Senjamållaget, Balestrand Mållag, Tysvær Mållag, Sirdal Mållag og Åseral Mållag

- **2016:** Dalane Mållag, Hol Mållag, Eide og Fræna Mållag
- **2017:** Mållaget i LO-administrasjonen, Lom og Skjåk Mållag.
- I desse lokale mållaga vert det arbeidd med å skipa opp att lokallaget: Karmøy dialekt- og mållag, Elverum dialekt- og mållag og Trysil dialekt- og mållag, Ytre Nordfjord Mållag og Vaksdal Mållag.
- Ynskjer du å vere med på å vekkje opp ditt lokale mållag? Ta kontakt med hege.lothe@nm.no

Nytt liv i gamle glør

SISTE ÅRA HAR det vore arbeidd systematisk med å skipe opp att lokale mållag.

I Mållaget, som i mange andre organisasjonar, er det skiftande aktivitet lokalt. Difor er det svært viktig å arbeide for å få nytt liv i lokale mållag som av ein eller annan grunn ikkje er i aktivitet.

– Å få ny aktivitet i sovande lag eller å skipe opp att nye lokallag er ein svært god måte å få nye krefter og nye idear inn i Mållaget. Det gjev ofte ein ny aktivitet og innimellom ser vi at oppattskiping av lag konkret kan ha noko å seie for utfallet av aktuelle lokale nynorsksaker, seier Hege Lothe, organisasjonskonsulent i Noregs Mållag.

Mållaget har siste åra laga egne kurs spesielt lagt til rette for nye tillitsvalde som har lyst til å få ei grundigare innføring om mållaget og argumentasjon for nynorsk.

SKULEMÅLSSIGER I SIRDAL I Sirdal vart Sirdal Mållag skipa opp att i høve Nynorskstafetten i 2015. Dette var då eit lag som ikkje hadde hatt aktivitet på om lag fjorten år. Vekene før mållaget vart skipa opp att, vart det lagt ut underskriftslistar for å få til ei skulemålsrøysting i den største av skulekrinsane i Sirdal, Tonstad krins, for å gå over til bokmål på skulen.

– Då Nynorskstafetten var på vitjing hausten 2015, var det mange som frykta for ei slik røysting. Dette vart ei av dei viktige oppgåvene det nye laget skulle ta til på, og den oppgåva arbeidde dei godt med, seier Lothe. I februar i år røysta 67,9 % av innbyggjarane i Tonstad skulekrins for nynorsk.

MEDLEMSVERVING – Kva har oppattskiping og nyskiping av lokallag å seie for medlemsverving?



Husom Slålien og Kari Anne Skjaak. Beate Stø er også ny styremedlem, men var ikkje til stades då

Foto: Marit Aakre Tenno

betre om både born og vaksne lærte nynorsk og kunne hjelpe kvarandre, seier Elin Husom Slålien.

Medlemstalet er jamt aukande. Nett no har laget 39 betalende medlemmer og fleire har meldt seg inn siste året.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

“ Det er viktig å gje positiv merksemd til reiseliv og næringsliv som profilerer seg på nynorsk.

Elin Husom Slålien

Naustdal Mållag på Sandensundagen

På den årlege aktivitetdagen på **Sanden i Naustdal** den 27. august presenterte vi ymse materiell, m.a. to ordleikar (quizar), med gamle og kanskje sjeldne ord. Den eine med ord frå boka *Godt mot – ord og uttrykk brukt i Naustdal, og litt meir*, Jens Vestrheim 2015, og den andre med ord frå samlinga *Ord og uttrykk frå inste Naustedalen*, redigert av Vigdis Ness. Vi gratulerer vinnarane Anne-Helen Leknes og Otto Eiksund!

Blant ymse materiell delte vi ut språkavisa *Norsk Tidend*, valnummeret med opplista partipolitiske standpunkt. Nummeret har òg ein artikkel om vår «eigen» Kristine Ullaland: «Kristine reddar verda på nynorsk» – vi ynskjer lukke til!

NAUSTDAL MÅLLAG



Foto: Odd Byrkjeflot

Ny dialektbok av Jens Vestrheim

Takk da same – ord og uttrykk brukt i Naustdal ... og litt meir er 82 sider med over 1000 ord og uttrykk, og litt lesestoff om ymse emne.

Boka er på ein måte eit framhald frå boka *Godt Mot* som kom ut i 2015. Temaet er ord og uttrykk som er i bruk eller har vore brukte i Naustdal. I tillegg er det litt om merkedagar og ulike måleeeiningar, og eitt og anna visdomsord finn ein òg.

– Eg ser at svært mange av dei ulike orda og nemningane er felles for mange av bygdene i Sunnfjord og kanskje enno lenger, seier **Jens Vestrheim**.

– Særleg er det lett å kjenne att nemningar som har med husdyr og landbruk å gjere. Kanskje er seiemåten litt ulik, men vi kjenner dei godt att. Primstaven var den gamle «kalenderen». Alle dagar i året er merkte på primstaven. Mange av desse dagane hadde svært mykje å seie for dagleglivet i samfunnet vårt, dei var merkedagar. I dag når vi brukar vekenummer, er eg mest like vis. Men når det var regelen at t.d. kyrne måtte vere heimkomne frå marka før Mikkeli, så visste vi kva tid det var, eller kva tid haustjamdøger er eller kor tid hundedagane er. Og Peder Stol, til dømes, seier Vestrheim.

NAUSTDAL MÅLLAG




Foto: Arne Kleiva



Sirdal: Styret i Sirdal Mållag frå oppattskipingsmøtet i november 2015. Frå venstre: nestleiar Gunn Iren Josdal, Elfrid Ovedal, Ragna Lindeland, leiar Kristina Smedegård og Sven Sandvik. Foto: Hege Lothe



Åseral: I Åseral vart det reint kvinnestyre då det var oppattskipingsmøte av Åseral Mållag. Frå venstre: Kari Røynlid, leiar i Åseral Mållag, Eirin Åsland, Tove Utengen, Tone Astrid Folkvord Flodquist og Gunvor Ljosland. Foto: Hege Lothe

– Heilt tvillust så har det veldig mykje å seie for medlemsvekst. Eg hugsar veldig godt då Bømlo Mållag vart skipa opp att. Laget hadde 29 medlemmer i 2013 og i fjor hadde dei 54 betalende medlemmer, fortel Erik Grov, organisasjonskonsulent og

ansvarleg for medlemsregisteret i Noregs Mållag.

– Når det vert skipa opp att nye lokallag eller gamle lag organiserer ny aktivitet, ser vi ein heilt tydeleg verveeffekt. Det har nok samanheng med det grundige arbeidet som vert

gjort med skiping og oppattskiping av lag. Det gjev også eit ekstra driv i arbeidet, seier Erik Grov.

MEDLEMSAUKE Det er fleire døme på at nye lag har auka kraftig i medlemstal siste åra. Eide og Fræna

Mållag vart nyskipa hausten 2016. Før dette hadde dei 12 medlemmer, og i skrivande stund har dei 38 betalende medlemmer. Senjamållaget er eit nytt lag inn under Troms og Finnmark Mållag. Med Steinar Nymo i spissen har laget auka opp til 37 betalende medlemmer i fjor. Stranda Mållag på Sunnmøre er også eit heilt nytt lag som gjekk frå ingen medlemmer til 47 betalende medlemmer på svært kort tid. Og Tysvær Mållag sette seg mål om å doble medlemstalet, og det greidde dei med god margin. I dag har dei 52 betalende medlemmer.

NYTT YRKESMÅLLAG Nyleg vart det skipa eit heilt nytt yrkesmållag i Mållaget. Det heiter Mållaget i LO-administrasjonen. Det Mållaget samlar tilsette og tillitsvalde i sentrale deler av LO. Dei har på kort tid fått 28 betalende medlemmer.

PER HENNING ARNTSEN
per.artsen@nm.no

Maria Parr tenkte og tenkte på den vanskelege tredjeboka. Det losna då ho forstod at det ikkje var nokon grunn til å gjere det så vanskeleg for seg sjølv.

Heim til Knert-Mathilde

Maria Parr debuterte med *Vaffelhjarte* i 2005. Boka vart godt motteken, kom fort i nytt opplag og vart løna med fleire prisar. Men det var med *Tonje Glimmerdal* at Parr verkeleg vart ei stjerne i norsk barnelitteratur. Boka fekk Brageprisen og *Die Zeit* kåra henne til å vere den beste barneboka som kom ut i Tyskland i 2010. Så kom tv-serien *Vaffelhjarte* med musikk av Odd Nordstoga, og det vart teaterversjonar av bøkene.

Og så vart det stille.

Det skulle ta åtte år før Parr var attende med ei ny bok. Og i *Keeperen og havet* er me igjen heime i Knert-Mathilde, og igjen er me heime hjå Trille og Lena. Dei er nokre år eldre, og verda er i ferd med å utvide seg. Å finne attende til denne verda var ikkje sjølv sagt.

– Det har vore viktig for meg ikkje berre å skrive vidare på dei tidlegare bøkene mine, berre av di det gjekk bra med det dei, seier Parr.

– Ein må ha noko å melde, skrive noko som er annleis. Men etter kvart så kom eg til at det ikkje var naudsynt å finne opp hjulet heilt på nytt. Det går an å finne dette «annleis» innanfor noko som alt finst. Og då eg byrja på denne historia, så kjende eg fort at eg var på sporet. Det sat langt inne å gjere ferdig denne boka, men no når ho er ute, kjennest det bra.

ALLALDERBOK «Unnskyld, er det mulig å be om en signatur, eller er dere midt i et intervju?»

Det er Litteraturdagar i Vinje, og me sit utanfor ungdomshuset Vinjar, der eit heller godt vakse publikum kosa seg glugg i hel då ho las opp frå den nye boka. Boksålet har tydelegvis gått unna, og no vil bokkjøparane ha namnetrekket hennar. Jon Fosse sitt omgrep «all-alder-litteratur» kunne sjeldan ha høvd betre.

– Det kan ikkje vere eitt spor for dei vaksne og eitt for barna, dei må lese same boka. Men det må samstundes vere på ungane sine premissar. Eg er redd for å ende opp med å skrive for dei vaksne, og miste ungane undervegs.

– Klåre kjensler fungerer for alle aldrar?

– Og det var utruleg frigjerande å kunne gjere det slik. Eg tenkte utruleg komplisert om skriving ei stund, medan dette universet berre var noko eg

» MARIA PARR

► Forfatter

► Frå Fiskå i Vanylven.

► Aktuell med boka *Keeper og havet*. Boka er no seld til 13 land.

► Har tidlegare gitt ut bøkene *Vaffelhjarte* (2005) og *Tonje Glimmerdal* (2009).

heldt på med på si. Men så forstod eg at dette var mitt stoff og min metode, det var veldig godt.

– Samstundes er det klassiske motiv som dukkar opp, med t.d. «den nye jenta» og «ei farefull ferd»?

– Det er ein grunn til at dette er klassiske emne og situasjonar, og eg er ikkje redd for å bruke dei. Men det må noko nytt inn, noko som gjer at det kjennest friskt. Skulle eg ha prøvd å unngå desse emna, så ville eg ha byrja med konstruksjon. Og er det noko eg har lært, så er det å halde meg nær intuisjonen.

– I tillegg har du, som er blitt samanlikna med Astrid Lindgren, med ein episode der nokon blir heist opp i ei flaggstong?

– Akkurat den er moglegvis heilt på grensa, men eg klarte ikkje å dy meg. Det har vore gjort før. Det var freistande og eg fekk til å skru den inn i historia, der den fyller fleire funksjonar. Eg har prøvd å lure den i andre typar tekstar tidlegare, men det fungerte fyrst no. Det er moglegvis ei leivning frå *Vaffelhjarte* der dei heile tida tek ei historie som dei høyrer, og så lagar dei sin versjon av det. Så det er vel så mykje ei leivning frå den boka, som ei helsing til O' Store Lindgren.

MUNNLEG STIL «Kan eg berre smette inn eit lite spørsmål: kjem denne boka også som lydbok til hausten?»

Det er aller lettast å bli bergteken av forteljinga om ein høyrer Parr lese høgt. Då får figurane liv, og hendingane blir ekstra dramatiske. Langt i frå alle forfattarar har like stort talent, men Parr meiner sjølv at grunnen ligg i at forteljingane alltid har vore munnlege.

– Eg har hatt med meg Lena og Trille lenge, heilt sidan eg var lita. Då eg laga dei fyrste historiene, så fortalde eg dei høgt, eg skreiv dei ikkje ned. Sjølve stilen og måten har eg nok henta frå folk og miljø eg har vakse opp med. Forteljarar finst over alt. Men eg har teke med denne forteljarstilen inn i bøkene, og det er nok difor dei fungerer så godt til høgtlesing. I alle fall fungerer dei for meg.

– Det er litt som å høyre Kjell Aukrust lese sine stubbar?

– Eg veit ikkje om eg har høyrte han lese.

– Men har du lese han?

– Ja, men det er lenge sidan. Det fyrste eg skreiv for det offentlege, var små petitartiklar i *Synste Møre*, i ei spalte som heitte «På tampen». Eg fekk gode tilbakemeldingar på desse stykka, og det hadde nok sitt å seie i trua på at eg kunne bli forfatter. Før eg byrja på desse småstykkane, pleidde eg å lese Aukrust, for å setje meg i stemning og for å finne tonen i meg. Eg tykte han var morosam å lese og ville nok at stykka mine også skulle ha litt av det same.

– Eg tippar du likevel får best respons hjå ungar.

– Nja, det er ikkje så ofte dei kjem bort etter eg har lese og ber om namnetrekk eller vil snakke slik som her. Men dei er meir direkte i responsen medan eg les, og ikkje minst er dei det viktigaste publikumet for meg som forfatter. Når eg sit heime og skriv medan andre byggjer landet, så kan ein stundom spørje seg om kva ein held på med. Men når eg er ute og les i ein skuleklasse, så blir eg heilt sikker på at eg gjer noko som er viktig, som betyr noko.

CODE HJELPARAR «Strålende! Fint og flott var det!»

Innimellom forfattarintervju og høgtlesing inne i ungdomshuset, spelte sjølv sagt Odd Nordstoga nokre av songane han laga til tv-serien. Han måtte innrømme at han hadde litt dårleg samvit for at han hadde teke seg såpass store fridomar, og at han på denne måten har gjort seg nytte av ei verd Parr hadde skapt. Men ikkje berre tek ho det med knusande ro, ho er rett fram glad for det.

– Det er utelukkande heilt fantastisk. Det har rørt meg, det at folk som eg set høgt, har teke utgangspunkt i noko eg har laga. Eg har eit prinsipp om at i det du gjev frå deg ein tekst, så eig du han ikkje lenger. Om eg t.d. tenkjer på den tv-serien, så er det folk som har arbeidd like mykje med det materialet som eg i si tid gjorde, og då kan eg ikkje seie at det berre mitt. Det var umogleg å gå inn i dette universet att utan å ta med seg alt som har blitt laga i tillegg. Særleg har tv-serien og musikken gjort universet rikare, også for meg sjølv. Dei

“Når eg er ute og les i ein skuleklasse, så blir eg heilt sikker på at eg gjer noko som er viktig, som betyr noko.”



– Det har vore viktig for meg ikkje berre å skrive vidare på dei tidlegare bøkene mine, berre av di det gjekk bra med det dei, seier Maria Parr om den nye romanen Keeperen og havet.

Foto: Kjartan Helleve

har tilført fine ting som eg tok med meg inn no. Så eg skuldar mange ein stor takk.

– Burde ikkje t.d. Odd greidd seg med sin eigen fantasi?

– Nei, det vil eg ikkje seie. Alt heng i hop med alt. Eg kan godt høyre på musikken til Odd, og så setje meg til å skrive. Dette går alle vegar, og at nokon tek utgangspunkt i mine ting, er berre veldig kjekt.

– Såg du då føre deg skodespelarane frå tv-serien når du no skriv i Vaffelhjarte-universet?

– Nja, eg har vel desse folka såpass levande i meg at dei stort sett har dei same andleta og faktene som dei alltid har hatt. Men at Dagny og Simon som spelte i TV-serien har tilført noko, er eg ikkje redd for å seie.

FOTBALLSPELARIDENTITET «Unnskyld, kan jeg forstyrre?»

Bøkene hennar grensar mot nostalgi, men

styrken ligg i å gjere dei dagsaktuelle. Ho har ingen problem med å bli mistenkt for å slå eit slag for det gode livet på bygda, men det er ikkje den sterkaste drivkrafta.

– Om der er noko i boka mi som treffe eit dagsaktuelt tema, så må det vere dette med jenter og fotball. Det er tilfeldig at boka kjem samstundes med at det er uro i kvinnefotballen, men det at jentefotballen ikkje har same vilkåra som gutane, held ikkje. I mi tid var det ofte slik at då det drog seg til, så var det gutane ein lyfte fram. Det håper eg verkeleg er i ferd med å endre seg.

– Så du har vore fotballspelar?

– Eg har ein latterleg sterk identitet som fotballspelar, særleg med tanke på at eg gav meg i sjuandeklasse, medan vi endå spela aldersblanda sjuar-fotball utan offside-regel. Eg såg meg glatt føre meg som eit skikkeleg talent, sjølv om eg no ikkje er fullt så sikker på om eg faktisk var det. Men det var fotball eg dreiv på med i heile barn-

domen, det var kvart friminutt på skulen og på bana me hadde like ved heimen. Så eg har hatt veldig stor glede av å spele fotball.

– Så var dette det «annleis» som var nytt i denne boka?

– Nei, dette var nok meir på intuisjon.

– Så om eg då til slutt spør direkte: kva handlar denne boka om, då svarar du ...?

– Ho handlar om det å bli vaksen, eller i det minste skjøne at det er den vegen det går. Noko av poenget er at det går opp for Trille at det er fleire måtar å sjå denne verda på. Det som er rett for somme, treng ikkje vere rett for andre. Men som sagt, så kan eg sitje og konstruere ting, men ofte handlar det mest om eit emne eller ei kjensle. I dette tilfellet var det vemodet over at ting endrar seg, samstundes som endringane gjev nye oppningar. Er det ikkje det me alle balar med?

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Gammelt problem

Akkurat då lærebøkene byrja å koma på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, skal brått fyrsteklassingar få utlevert **kvart sitt nettbrett**.

DET GÅR FØRE seg ein digital revolusjon i skulen. Og denne gongen er det faktisk ein digital revolusjon. No handlar det ikkje lenger om at skrivemaskina blir bytt ut med datamaskiner, eller at lærarar og elevar kan finna hjelp på internett. Skulen er på veg til å bli heildigital, slik at det å skriva for hand, på sikt kan koma til å bli eit valfag.

Bærum er ein av kommunane der utviklinga har kome lengst. I løpet av 2016 hadde alle elevar og lærarar ved 15 forsøksskuler fått kvart sitt nettbrett. Motivasjonen ligg i at samfunnet og skulen uansett er i ferd med å bli digitalisert, og at det å få eit eige nettbrett vil vera det beste verktøyet for at elevane skal læra mest mogleg. Rapportane kommunen har tinga og fått levert, syner også at nettbretta har hatt ein positiv effekt, og tilbakemeldingane er positive.

– Me er på leit etter ein annan måte å arbeida på i skulen, fortalde rådmann Erik Kjeldstadli til avisa Budstikka.

– Både elevar og lærarar står framføre eit paradigmeskifte for å møte ein digital skulekvardag i framtida. Det me ser i den førebelse evalueringa, gjev meg trua på at iPad som eit hovudverktøy, er ein veg å gå vidare på, sa rådmannen.

21. juni vedtok kommunestyret å vidareføra satsinga, og innan utgangen av 2018 skal alle elevar og lærarar ved alle barne- og ungdomsskulane i Bærum ha kvart sitt nettbrett. Frå fjerde klasse får elevane Chromebook, som liknar meir på ei vanleg datamaskin.

Forsøket i Bærum møtte også kritikk. Foreldra var uroa for at det blir for mykje skjerm, kaligrafar var uroa for at handskrifta forsvinn, lærarar sa at datamaskiner er betre verktøy og pedagogar var redde for at nettbretta tek vekk fokuset frå den klassiske undervisninga. Men skeptikarane er etter kvart blitt færre, og i Bærum er det ingen veg attende. Kan henda ikkje nokon stad.

Representantar frå kommunen har halde innlegg på seminar og kurs over heile landet i mange år, og misjoneringa har hatt sin effekt. No kjem resten av skule-Noreg etter. Ingen veit kor mange skular rundt om i landet som nyttar nettbrett i undervisninga, og heller ikkje noko om kor mange som startar med det alt i fyrste klasse.

MANGLANDE NYNORSK Som eit teikn tok det i haust til å kome inn klagar til Noregs Mållag.



Digital skuledag: Eva Skagen Sæverås (t.v.), Leah Marie Wagle og resten av klasse 3c på Grav skole i Bærum nyttar nettbrett.

Nettbretta som elevane får utdelt rundt om i landet, er fulle av program og applikasjonar, eller det ein kallar appar. Dei er som regel knytte til ulike fag som t.d. rekne-appar og skrive-appar, men kan også likna på vanlege dataspel. Klagane som kom inn, handla om at desse appane ikkje var på nynorsk.

Foreldra i Volda hadde knapt fått noka melding om at elevane denne hausten ville bli møtt av ein litt annan skulekvardag. Det var fyrst på foreldremøte at foreldra fekk informasjon om at

elevar i fyrste til fjerde klasse skulle få kvar sin iPad, og at dei eldre på sikt skulle få ei Chromebook-maskin. Lene Nupen, assisterande oppvekstsjef i kommunen, vart intervjuet i Møre-Nytt og hadde stor tru på dei pedagogiske føremonene. Men mest var iPadane eit svar på at datautstyret i skulane ikkje var godt nok.

– Det verkar som det har gått litt fort, seier Gudrun Kløve Juuhl, som har ein son i tredje klasse og er leiar i Volda Mållag.

– På foreldremøtet spurde me om kor vidt

n i ny innpakning



bretta når dei lærer om lauvtre.

Foto: Trine Jødal

desse iPadane og appane vil koma på nynorsk. Me fekk til svar at berre den eine av appane var å få på nynorsk. I ettertid har skulen slite litt med internettet og har hatt litt innkøyringsproblem. Men det er tydeleg at det ikkje har vore tenkt så mykje på dette med nynorsk, seier Kløve Juuhl.

Då den assisterande oppvekstsjefen var spurd av lokalavisa om akkurat dette, meinte Nupen at det ikkje ville vera eit stort problem.

– Dersom eg skal ha tak i ein app til elevane og ser at han ikkje er på nynorsk, tek eg ein telefon

til leverandøren om det, og som oftast får vi då ein god respons. Så eg har ikkje opplevd noko problem rundt dette endå, sa Lene Nupen.

Det tok ikkje meir enn ei veke før Volda Mållag gjorde det til eit problem. Dei har no sendt eit brev der dei spør kva kommunen har tenkt å gjera for å syta for at appane blir å finna på nynorsk. Kommunen har no invitert dei til eit møte for å diskutera saka.

Det er same historia på Klepp. Else Berit Hattaland er mor til to elevar på Kleppe og leiar i Klepp

“ – Det verkar som det har gått litt fort. Det er tydeleg at det ikkje har vore tenkt så mykje på dette med nynorsk.

Gudrun Kløve Juuhl,
forelder og leiar i Volda Mållag

Mållag. På skulen får elevane teikneprogram på engelsk, og fleire appar finst ikkje på nynorsk eller er stilt inn på bokmål som standardspråk.

– Det er tragisk at ikkje dei språklege rettane til elevane blir tekne meir på alvor, seier ho til Framtida.no.

Saman med resten av foreldretvalet på skulen har ho teke opp med kommunen manglande nynorsk i dei digitale læremidla som skulen gir til elevane.

FRÅ ARK TIL APP

Dei siste åra har det vore stille på læremiddelfronten. Dei harde taka på 70-talet og frametter gav etter kvart resultat, og utover 2000-talet var det langt mellom klagane på at lærebøkene ikkje kom til same tid og same pris. Sjølv då læreverka etter kvart fekk internettsider knytt direkte til den trykte læreboka, så gjekk det nokolunde bra. Opplæringslova fungerte endeleg.

Men samstundes med at det digitale breidde om seg i skulen, byrja det å dukka opp digitale læringsressursar som ikkje var knytte til eit læreverk. Dette kunne vera nettsider med ekstraøvingar, det var interaktive lesebøker, og med nettbretta kom appane. Nokre var gratis, noko måtte skulane betala for. Skula omfamna dei nye verktøya, dei hadde pedagogiske føremoner og gav fleire verktøy i undervisninga.

I kva omfang verktøya vart nytta, var det få som visste. I 2012 lyste difor Utdanningsdirektoratet ut eit forskingsoppdrag, der målet var å finna ut kva læremiddel som blir valde, kven som vel og korleis blir dei nytta. Kunnskapsløftet hadde gitt skulane og lærarane stor valfridom, og det var ein fridom dei hadde nytta. I fjor leverte Institutt for pedagogikk (IPED) ved Universitetet i Oslo sluttrapporten ARK&APP.

Eit av dei meste interessante funna er korleis alle desse ressursane blir valde ut. Tradisjonelt sett har lærarane ved ein gitt skule vurdert dei ulike læreverka og valt det dei tykte var det beste i eit gitt fag. Når no kommunane kjøper inn nettbrett i så stor mon, blir det også kommunane som avgjer kva læremiddel og «ressursar for læring» som fylgjer med. Avgjerda om kva verktøy lærarane skal ha, er lyft ut av skulane og inn kommunane, og i nokre tilfelle fylkeskommunane. Mykje tyder på at spørsmålet om kor vidt desse verktøya finst på nynorsk, ikkje har vore veldig høgt oppe på prioriteringslista.



Blandingskultur: Både skjerm og tavle er i bruk på Grav skole.

Foto: Trine Jodal

Samstundes skildrar rapporten ein skule i endring. Den trykte læreboka og klasseundervisning er framleis standarden. Lærarane lener seg som regel på læreverket i eit fag, og veit at om dei kjem seg gjennom det, så ville dei i stor mon ha dekt det meste i læreplanen. Men større tilgang på andre læremiddel og det rapporten kallar «ressursar for læring», gjer at lærarane får større utfordringar med å leggja opp eit pedagogisk opplegg. Dette er mest vanleg i den vidaregåande skulen. I grunnskulen blir andre læremiddel og andre ressursar mest aktuelle når læreverket ikkje dekkjer alle områda i læreplanen. Men satsingar som den i Bærum, tyder på at det ein kallar «blandingskultur» av læremiddel også breier om seg i grunnskulen.

VIL HA DIREKTORATET PÅ BANA Det manglande nynorsken på nettbretta i Volda og på Klepp kan i teorien skriva seg frå oppstartsvanskar og kan henda ordna seg over tid. Men problemet er at mange av dei programma som fylgjer med nettbretta, ikkje fell inn under opplæringslova. For kva skal det definerast som? Læreverk? Læremiddel? Ressurs? Opplæringslova seier at kravet om parallellutgåver berre gjeld lærebøker, og lærebøker er meint som «trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag». I forskrifta blir «regelmessig» spesifisert til «at læremiddelet blir brukt fast, over ein lengre periode eller jamleg.» Der heiter det også at «Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.»

Noregs Mållag bad i sommar Utdanningsdirektoratet om å avklara akkurat dette med nokre konkrete døme. «Det er skuleeigaren sitt ansvar å vurdere om dei konkrete appane og digitale programma er læremiddel som skal kome på bae målformer», svara Direktoratet.

– På dette punktet er opplæringslova moglegvis klar for revisjon, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– Lova er skriven for ei tid der kvart fag hadde

“ Det er alt anna enn eit gullrush. Skulen er ein tung materie å snu. Det er berre eit spørsmål om tid.

Andreas Baumberger,
redaktør i Kikora

ei lærebok og det var stort sett det. I framtida vil det kanskje ikkje vera noka trykt lærebok i det heile, og kven veit om det vil vera eit fast læreverk i kvart fag. I dag er det råd å finna læreressursar overalt, og det er sjølvsagt flott at skulen gjer seg nytte av desse. Men for nynorskelevane er det avgjerande at desse ressursane er på nynorsk. Nynorskelevane sine rettar må vera lovfeste, og dei treng ei lov som speglar den digitale skulen, seier Aasbrenn.

Han meiner forskrifta er betre, då ho understrekar at lova også gjeld digitale læremiddel, men meiner at Direktoratet må koma på bana og handheva forskrifta betre.

– Eg vil gjerne stola på at skuleeigarane syter for dette, men me kan ikkje overlata slike vurderingar til den enkelte kommune eller fylke, seier Aasbrenn og seier at dette blir eit viktig arbeidsfelt i tida som kjem.

GIORDE DET FRIVILLIG Sjølv om det er litt diffust kva appar og digitale læreressursar som går inn under lova, så er det likevel fleire døme på at ressursane også kjem på nynorsk. Kikora er ein nettbasert tilleggsressurs i matematikk, der elevane får mengdetrening i rekning. Skulane må kjøpa lisensar, alt etter kor mange elevar som skal ha tilgang. Kikora er i bruk i halvparten av alle norske skular. Sidan det ikkje er snakk om eit

læreverk, så fell programmet i utgangspunktet ikkje inn under parallellkravet. Nynorskutgåva er likevel på plass.

– Me har som mål å dekkja heile landet, og då er det sjølvsagt å laga ein nynorsk variant, seier Andreas Baumberger, redaktør i selskapet

– Nokre delar av landet, t.d. i Sogn og Fjordane, er klare på at dei vil ha Kikora på nynorsk, men det har vel knapt lønt seg. Det har likevel aldri vore noko alternativ ikkje å ha ein nynorskvariant. Det fell inn under ein heilskapleg tanke om språk. Nynorsk og bokmål er eigne alternativ, men har ei parallellutgåve, der ein ser oppgåvene både på norsk og på eit framandspråk. Her kan ein velja mellom tolv framandspråk, og målgruppa her er minoritetselevar og flyktningar. Så språk er viktig for oss.

– Er Kikora eit læremiddel?

– Nei, me har ikkje gått så høgt på bana, me kallar oss ein tilleggsressurs. Men i år har me sparka i gang eit gigantprosjekt der ambisjonen er å dekkja alle måla i læreplanane frå 1. klasse og ut vidaregåande. Me tek sikte på å erstatta lærebøkene og dermed bli eit læreverk.

Baumberger seier at skuleeigarane har blitt meir medvitne om kva dei kjøper inn.

– Når me no tek sikte på å erstatta læreboka, så ligg den avgjerda stort sett hjå lærarane. I dag, når me er ein tilleggsressurs, så ligg den avgjerda anten i skuleleiinga eller i kommunen. Tidlegare kjøpte ofte kommunane inn det dei sjølve likte, men ressursane vart lite brukte sidan lærarane ikkje likte å få ting trekt ned over hovuda sine. No er mitt inntrykk at kommunane er mykje flinkare til å høyra etter kva lærarane faktisk ynskjer seg.

– Er det eit gullrush i bransjen?

– Det er alt anna enn eit gullrush. Det er ei næring i vekst, i alle fall i merksemd og i bruk. Men det er ei næring det er krevjande å lukkast kommersielt i. Så lenge mesteparten av pengane går til å kjøpa trykte bøker for 350 kroner, og mi næring slit med å ta 50–100 kroner per lisens, då er det tungt. Skulen er ein tung materie å snu. Det er berre eit spørsmål om tid, seier Baumberger.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



DYRSKU'N

14.- 16. SEPT 2018

NOREGS STØRSTE MARKNADSPASS

• 3 DAGARS FOLKEFEST • 740 UTSTILLARAR • 90 000 BESØKANDE • 170 MÅL MARKNADSOMRÅDE



14. – 16. SEPTEMBER 2018

HANDEL × LANDBRUK × ANLEGG × HUSDYR × MAT × HUSFLID × KULTUR × FOLKELIV

Meir informasjon på www.dyrskun.no

FOLKEMINNE

– eller eit fullstendig mislykka radiointervju

Forventningane var høge og avtalen var klar, eg skulle berre møta opp i Skovveien 18, bak slottet, litt utpå ettermiddagen og ringa på, så skulle eg få eit intervju med skodespelarlegenda Gisle Straume. Eg var tilsett i kulturredaksjonen i NRK P2 den gongen, det må ha vore i 1986 ein gong, og eg hadde ein avtale, så vidt eg minnest, med radioprogrammet Språkrøret (seinare Språkrøret og Språkteigen). Eg kjende Gisle Straume frå tida mi i plateselskapet På Norsk, som frå 1981–87 gav ut scene-programma hans om Arne Garborg, *Ein diktar og hans strid*, Aasmund Olavsson Vinje, *Ein hippie frå Telemark* og Ivar Aasen, *Dikt og sanning* på LP. Han turnerte ein del med desse framsyningane og hadde med seg plater til sals rundt om i landet.

Planen var å få til ein samtale med den rikskjende skodespelaren om scenespråk og særleg om nynorsk scenespråk. Gisle gjorde på denne tida sine siste roller på Det Norske Teatret, blant anna det litterære programmet *Ta mi hand* saman med kjærasten Halldis Moren Vesaas.

Da eg kom opp i leilegheita hans på Frogner med den klassiske NRK-opptakaren Nagra over aksla, bad han meg straks på ei wienerpølse i lompe og ei flaske pils, som eg kunne forsyne meg med på kjøkkenet, og så sette vi oss til. Praten gjekk etter kvart lett og lystig og skifta retning etter kvart som det eine ordet tok det andre, men krinsa stort sett rundt språk, oppvekst i Holla i Nedre Telemark og eit innhaldsrikt teaterliv på ulike teater både som skodespelar og teatersjef.

Men kvar gong eg gjorde teikn til å setja bandspelaren i opptak og lente meg fram med mikrofonen, kom det frå Straume: «Vi venter litt, Ola, jeg er ikke helt klar ennå.» Og slik fortsette det. Kvar gong eg avbraut mine tekniske førebuingar, heldt samtalen fram, krydra med opplevingar og gode historier. Etter ein del mislykka forsøk, som på sitt lengste vart avbrote etter to setningar og litt teatral kremting, gav eg opp og lente meg attende i sofaen, bytta ut mikrofonen med pilsflaske, og etter kvart trur eg òg at eg skjønnte kvifor vi aldri kom i opptak.

Der sat ein av etterkrigstidas mest kjende og profilerte skodespelarar med eit imponerende register av klassiske karakterroller bak seg, blant anna hovudrolla i Garborgs *Læraren*,


eit skodespel han òg hadde skrive nordisk hovudfagsoppgåve om. Han var med andre ord godt akademisk skodda for den lærarrolla som hadde gjort han til rikskjendis, lektor Petronius Theobald Tørrdal, i meir enn 30 høyrrespel og to filmar om Stompa og livet på Langåsen pensjonatskole. Og så var det nynorskrøysta Gisle Straume, han som var hallomann i NRK fredsvåren 1945 og melde at Hitler var død, ein gjengangar i NRKs Ord for dagen, og tallause roller på Det Norske Teatret i heile etterkrigstida. No skulle han uttala seg om nynorsk scenespråk til leiaren i Noregs Mållag. Situasjon og tema tilsa at han måtte representera, prestera, spela ei rolle han kanskje ikkje var heilt førebudd på. For daglegspråket til skodespelaren frå Telemark var, som for dei aller fleste skodespelarar av hans årgang, eit velpleidd moderat bokmål, altså det som var og hadde vore det rådande scenespråket i landet, bortsett frå nynorsken på Det Norske Teatret. Men det var nok eit språk der han helst ville ha manusstøtte, og telemarking vart han nok berre kvar gong han gjekk av toget på Nordagutu eller i Bø.

I 1966 publiserte Gisle Straume eit lite essay, *Skuespilleren og hans kunst*, der skriv han:

Skuespillerkunsten er i virkeligheten en kontrollert personlighets-spaltning, som Stanislavskij selv definerer slik: «Skuespilleren lever, gråter og ler på scenen, men gråtende og leende iakttar han sin latter og sine tårer. I dette dobbeltspill, i denne balansen består kunsten.»

Når eg no, tretti år seinare, tenkjer attende på det, trur eg det var dette dobbeltspelet han ikkje heilt fekk til å stemma, for da eg skrudde av Nagraen, skrudde han på sjarmen og eg lét meg sjarmera. Vi skifta roller og tema, eg gjekk frå å vera utspørjar og faginteressert til å bli fascinert tilhøyrar, han frå å vera autoritet til å bli skodespelar og tradisjonsberar. Det er særleg ei historie som har festa seg, mest av alt på grunn av den uventa slutten.

I dei fleste yrkesgrupper går det historier, anekdotar og vitisar om særneigne trekk ved yrkesgruppa, gjerne stereotypiar, motsetningar mellom leiarskap og «golv», krydra med seksuelle metaforar, gruppespråk og internhumor, men ikkje så internt at folk utanfor gruppa ikkje har glede av historiene. Teatermiljøet er ikkje noko unntak. Gisles historie



handlar om den mytologiserte lyrikaren og teatermannen Claes Gill (1910–1973), som gav ut to oppsiktsvekkande lyrikksamlingar, *Fragmenter av et magisk liv* (1939) og *Ord i Jærn* (1942), før han vart ein av etterkrigstidas mest framstående teaterprofilar, skodespelar, teatersjef, instruktør, opplesar og kulturpersonlegheit, ei kunstnarleg utvikling som biografen Kjartan Fløgstad har karakterisert som den korte vegen frå å vera skapande til å skapa seg (*Portrett av eit magisk liv. Poeten Claes Gill*, 1988). I åra 1952–56 var Claes Gill teatersjef ved Rogaland Teater i Stavanger og dette er tid og stad for denne historia. Gisle Straume fylgde etter Gill som teatersjef i Stavanger frå 1956–58, så han var nært innpå hendingane det her skal forteljast om.

Så no fortel eg historia slik eg hugsar ho, med nokre innlagde faktaopplysningar og scenetilvisingar som ein bonus til lesarar.

Styret ved Rogaland Teater hadde purra teatersjefen for kvitteringar som gjaldt mat og drikke i samband med representasjon. Da det nærma seg tida for årsoppgjer og årsmelding og kvitteringane framleis mangla, er det styremedlem Gustav Natvig Pedersen (1893–1965) som tar kontakt med teatersjef Gill. (Her bør forteljaren helst kunna herma ein mild og svært forståingsfull skulemann frå Stavanger som snakkar ganske «pent» bymål.) Natvig Pedersen var statens representant i styret ved teateret både i Claes Gill og i Gisle Straumes



Kva var det som eigentleg hende med kvitteringane til Claes Gill? Gisle Straume hadde sin versjon. Den inkluderte Sirkus Arnardo og ein elefant.

Foto av Arnardo: Stiftinga Sunnmøre Museum • Foto av Claes Gill: Nasjonalbiblioteket • Foto av Gisle Straume: Stiklestad Nasjonale Kultursenter

sjefsperiode. Han var filolog, lektor ved katedralskolen, seinare rektor ved St. Svithun skole, bystyremedlem, krigshelt, stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet i to periodar, før og etter krigen, for kjøpstadene i Vest-Agder og Rogaland, stortingspresident, landsstyremedlem i Arbeidarpartiet, medlem av Nobelkomiteen osv. Han høyrde til venstresida i Arbeidarpartiet og var ei drivkraft bak den radikale skriftnormalen i 1938 og ei tilnærming mellom dei to målformene, ein språkpolitikk som riksmålsmannen Claes Gill kjempa mot med nebb og klør.

Men dette øydela visst ikkje den kameratslege tonen mellom styre-

medlem og teatersjef: «Kjære Gill, styret har full forståelse for at teatersjefen tar med seg gjester og forretningsforbindelser på Alexander (restaurant på hotell Atlantic – på folkemunne Alliken). Det er i det hele tatt ganske naturlig at det følger representasjonsforpliktelser med en slik stilling. Det eneste vi ber om er en viss dokumentasjon, kvitteringer, Gill.»

Jo, Claes Gill meinte absolutt at han hadde kvitteringar liggande, det var ikkje noko problem. Og så kan parlamentareringa mellom Gill og styret utviklast i det uendelege, men teatersjefen finn til slutt kvitteringane og glad og uvanleg morgonfrisk går han innover langs bryggene mot Vågen og torget i Stavanger sentrum, på veg til teateret med kvitteringane i lomma. Da får han sjå ei ferje som legg til kai, det er Sirkus Arnardo som har vore på ei av øyane utanfor Stavanger. Sirkusvogner køyrer på land, det blir ein lang karavane, og der – sanneleg! – ein liten elefant utan skikkeleg tilsyn småspring på land og legg av stad bortover kaiane – med kurs beint mot Claes Gill. (Her bør ein helst ha høyrtden raspende røysta til opplesaren Claes Gill – godt dokumentert i NRKs arkiv.) «Og tror du ikke at den rakkeren av en elefantunge – Jumbo eller Dumbo eller hva faen det var – kommer strenende rett imot meg, stikker snabelen sin inn på innerlomma mi, suger til seg

kvitteringene jeg hadde samlet sammen, og blåser dem på sjøen med et lite muntert trompetstøt.»

Her sluttar vanlegvis historia eg hadde høyrtd fortalt nokre gonger før, men til mi store overraskning var ikkje Gisle Straume heilt ferdig. Medan han var teatersjef ved Den Nationale Scene i Bergen frå 1963–67, fortel han vidare, møtte han nemleg Arnardo, Arne Otto Lorang Andersen (1912–95), som i 1949 starta Noregs første omreisande sirkus, i samband med eit arrangement under Festspillene. «Da vi stod der med glassene i hånda, tenkte jeg at dette var en passe uhøytidelig anledning til å spørre ham om han kjente til historien om den lille elefanten hans og kvitteringene til Claes Gill. 'Jo, det stemmer, det', lo Arnardo. 'Det husker jeg veldig godt, jeg hadde selv dressert den lille skøyer'n til å stjele lommebøker fra innerlomma til publikummere som jeg inviterte inn i manesjen, et veldig populært nummer!'».

No må denne forteljaren vedgå at han har måtta endra litt på minnet sitt om rammene rundt avslutninga, rett og slett fordi fakta og forteljing sprikte litt for mykje. Men alle som veit det minste om attforteljing, veit at fakta kan endra seg på kortare tid enn tretti år.

Slik eg først hugsa Gisle Straumes tillegg om Arnardos overraskande verifisering, skulle det ha skjedd på ein premierefest på Den Nationale Scene etter ei oppsetjing av den tsjekkiske dramatikaren og dissidenten Pavel Kohouts *Sirkus!* (August, August, August) skrive under Praha-våren 1968. Men det skulle altså ikkje mykje faktasjekking til for å slå fast at dette stykket ikkje vart spelt på Den Nationale Scene i Gisle Straumes sjefstid, ikkje seinare heller, men det gjeista Rogaland Teater i 1980 i regi av Kjetil Bang-Hansen. Stykket vart derimot framført på Oslo Nye Teater så tidleg som i 1970. Kan det ha vore der Gisle Straume tok mot til seg og konfronterte Arnardo med hans uskikkelege elefant? Ikkje veit eg.

Men det eg veit, er at Gisle Straume var sikker i si sak.

OLA E. BØ

Teksten er henta frå boka *I teneste for nynorsken. Heidersskrift til Olaf Almenningen 70 år*, som vart redigert av Knut E. Karlsen, Dagfinn Rødningen og Håvard Tangen og kom ute på Novus Forlag i år. Artikkelforfattaren fortel at den tida Almenningen og han låg ved Universitetet i Bergen, dreiv med målsak, politikk, fotball og litt studiar på si, så studerte han folkeminne, eit fag som no også er folkeminne.

Anders Totland er til-
delt nynorsk
litteraturpris
2016 for
ungdomsro-
manen En-
gel i snøen
– ein sår og
sterk roman
som tek
ungdom på
alvor, mei-
ner juryen.

Foto: Marius
Knutsen



Litteraturpris til Anders Totland

Nynorsk barnelitteraturpris 2016 gjekk til **Anders Totland** for boka *Engel i snøen*.

– Sjølve lesinga av vinnarboka tek ikkje lang tid, men inntrykka sit lenge att. Ein sår og sterk roman som tek ungdom på alvor, skriv juryen mellom anna i grunngjevinga.

Det er Noregs Mållag som står bak prisen på 30 000 kroner, og prisutdelinga fann stad under Dei nynorske festspela.

Forfattar Anders Totland er frå Bømlo og bur i Kvinnherad i Hordaland.

Vinnaren av Nynorsk barnelitteraturpris 2016 har skrive ein ung-

domsroman om eitt av dei store tema i litteraturen, døden.

Handlinga i boka føregår på eit sjukehus der eg-personen er pasient. Vi vert også kjende med fleire andre av pasientane, alle barn, slik som eg-personen. Det vert ikkje sagt kva type sjukdom barna har, men det er nærliggjande å tru at det dreier seg om kreft. Skildringane og eg-personen sine tankar om kvardagen og det som skjer på avdelinga, er skildra kort og nøkternt.

Samspelet mellom tekst og illustrasjonar i boka er med på å forsterke stemninga og kjenslene forteljinga skapar. Snø er eit gjennomgangstema både gjennom ord og bilete.

– Så fort du får dei rette folka til å kome i hop og har fått dei til å bli vener, så skjer det mykje bra, seier **Fredrik Hope**, ny leiar i Norsk Mål-ungdom.

Fredrik Hope kom inn i Norsk Målungdom då han starta på Firda vidaregåande skule, og har aldri kome seg ut att. Etter Firda vart det ein runde i Skibladner Målungdom på Hamar, så ei tid i Studentmållaget i Bergen og no er han blitt leiar i sentrallækken.

– Det syner kor viktig det er å ha aktive lokallag, seier Hope.

– Utan Skibladner hadde eg ikkje reist på det fyrste landsmøtet mitt. På det landsmøtet vart eg dregen inn i landsstyret utan å ha blitt innstilt på førehand, og vart engasjert i arbeidet sentralt. Utan eit lokallag på Hamar kunne eg ha falle ut av det, og då hadde eg moglegvis ikkje sete her i dag, seier Hope.

Sjølvtida på Hamar var ein slump. Han hadde eigentleg søkt seg på folkedanslina på Manger folkehøgskule, men lina vart lagd ned før han fekk starta der. Hope var, og er, ein habil felespelar, og på Hamar var det ledig plass på Tonheim folkehøgskule.

– Eg ville eigentleg ikkje gå der, men eg måtte ha noko å gjera. Eg var lei av musikk, men det vart heldigvis ei fin tid.

Sidan har han sikta seg inn på bibliotekaryrket og har for tida permisjon frå Høgskulen i Oslo og Akershus.

VIKTIG Å BRY SEG OM ANDRE SPRÅK – Kva er det viktigaste funksjonen til NMU?

– Det er å byggje ei rørsle. Det viktigaste er å mobilisere og skulere ungdom om nynorsk. Få folk som interesserer seg for språk, slik at dei veit kva målsaka dreier seg om. På den måten skal me gjere ein innsats når me er unge, men vel så viktig er å rekruttere til målrørsla på sikt.

– Dei siste åra har de også brukt ein del energi på andre språk?

– Me er primært ein nynorsk-organisasjon, men me stør nok andre språk i større grad enn det Mållaget gjer, eller har i alle fall har gjort dei siste åra. Det er viktig at den største språkorga-

Nøkkele

FREDRIK HOPE

- Ny leiar i Norsk Målungdom
- Fødd 1993, kjem frå Hyen i Gloppen

nisasjonen for ungdom bryr seg om andre språk. Dei treng støtta. Dei samiske språk, kvensk, romani og romanes har status som nasjonale minoritetsspråk, og dei heng i ein tynn tråd. Så om me kan hjelpe, så gjer me gjerne det.


– Men er det rett å bruke så mykje tid på det?

– Ja, det vil eg meine. Dette handlar om å arbeide mot det ein kan kalle det den eitt-språklege staten. Det er mange som trur at det å vere eit land og berre ha eitt språk, er det rette og det einaste moglege. Men i realiteten har me aldri vore eit eittspråkleg samfunn. Kan hende på papiret, men det har alltid blitt snakka samisk, nederlandsk, tysk

Nynorsk ordliste Tradisjonell og einskapleg norm er no i sal i bokhandelen.

Ordlista er på om lag 38 000 ord og inneheld òg ein minigrammatikk og ei bokmål—nynorskordliste. Norma i ordlista byggjer i all hovudsak på læreboknormalen som galdt fram til 2012. Former som frå 1917 og frametter vart tekne inn i nynorsken med det føremålet å tilnærma nynorsken til bokmål, er i stor grad fjerna, og ein del eldre former er tekne inn att for å syna betre samanhengen i målet.

Ho kan òg kjøpast direkte (mot ekstra sendingskostnader) frå:
Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk
v/Arvid Langeland, Øvrebovegen 3, 5710 Skulestadmo / (ar.l@online.no)



Pris kr
269,-

ODDA MÅLLAG

På heimesida vår **odda-mallag.no** kan du m.a. lesa om arbeidet for Oddamodellen, nynorsk for innvandrarar og sidemålsstilen.



Støttande: – Det er viktig at den største språkorganisasjonen for ungdom bryr seg om andre språk. Dei treng støtta. Så om me kan hjelpe, så gjer me gjerne det, seier Fredrik Hope, leiar i NMU.

Foto: Kjartan Helleve

en er å lage gode miljø

eller kva det det no enn var. Det har vore eit mangfald. Ved å samarbeide med dei som kjempar for dei andre språka, får me tydelegare fram poenget med at nynorsk er eit eige språk.

– Og det har de tid til?

– Me har avgrensa med ressursar, og må prioritere nynorsk og dialektane. Men me må også finne tid og energi for å bry oss om dei andre mindre språka.

MÅLFERD FRAMLEIS VIKTIG

– Men de held fram med desse ustoppelige målferdene dykkar?

– Absolutt, men det er ein balanse. Skal me reise rundt og snakke med skuleklassar, eller skulle me ha satsa meir på å byggje opp organisasjonen? Men målferdene er ikkje meiningslause. Me kan reise på målferd til Østfold og treffe ein fyr som er med i AUF som er ganske skeptisk til nynorsk og heile sidemålsordninga. Men så går det nokre år, og det er sidemålsstrid i AUF, og brått har denne karen fått Østfold AUF til å vere for sidemål. Du plantar nokre frø. Så me burde jo ha reist mykje

meir, og me burde ha bygd meir organisasjon.

– Travelt?

– Me som driv på her sentralt kan nok ha ei kjensle av ikkje å rekkje rundt. Men me må jo berre gjere så godt me kan, og heller tenkje på korleis det kan gjerast meir i framtida. Det å reise ut er utruleg viktig, om det er for å skipe eit lokallag eller å vere på målferd. Det er viktig å treffe ungdomar og spreie kunnskap og innsyn.

– Men reint økonomisk har de vel ganske gode rammevilkår for tida?

– Det kan du ha rett i, men me vil alltid gjere meir. Me har tilsett ein ekstra person, så støtta frå Mållaget er viktig. I staden for å skru opp løna og oppgradera datamasinene, har me prioritert å bruke midlane til å prøve å nå fleire unge. Men me kjenner oss ikkje rike. Det har vore dei som har takka nei til å engasjere seg sentralt, sidan me ikkje har dei beste rammevilkåra.

– De opererer framleis med lønstrinn I?

– Ja, det gjer me. Og så kan ein spørje seg om kor lenge me kan halde på me det. Me lever som stu-

dentar og tek nokre fag på si, men sidan kostnadsnivået i Oslo veks, må me på eit tidspunkt gjere noko med det.

VIL BYGGJE NY LAG – Så kva blir det viktigaste arbeidet frametter?

– Sjølv sagt er det viktigast å henge med på alle dei politiske sakene som kjem frametter, med ny læreplan i norsk, ei mogleg språkløp og truleg ei regjering som bryr seg lite om nynorsk. Men organisatorisk er det å skipe fleire og sterkare lokallag. Å lage miljø er viktig. Det er nøkkelen. Så fort du har fått dei rette folka til å kome i hop og bli vener, så skjer det mykje bra. Dette er undervurdert. I utgangspunktet er ikkje folk med i eit lokallag av di dei har eit så brennande ynske om å arbeide med den norske målreisningstanken. Engasjementet er der nok, men ein treng å støtte kvarandre, inspirere andre og gjere noko sosialt i lag. All den tid ein sikkert skulle ynskje at folk heldt på med studiesirklar tjuefire timar i døgeret, så er ein peparkakekveld også veldig bra.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Kortreist haustliste frå Skald

I år handlar fleire av bøkene frå **Skald** om det vi har rundt oss, det som alltid har vore der, kvardagen og den enkle filosofien.

– Vi er nøgde med årets samansetjing, vi har berre 15 utgivingar i året, og i år er heile fire av dei kandidatar til å kunne treffe veldig mange, seier forlagssjef **Simone Stibbe**.


Duoen bak salsuksessen *Norges låver*, Eva Røyane og Oddleiv Apne- seth, har denne gongen tatt for seg byggverk av stein i boka som nettopp har tittelen: *Av stein*. I boka viser forfattar og fotograf milelange steingardar, vakre veganlegg, små og store steinhus reist av våre forfedrar. Ved sjøen, på fjellet og ikkje minst i bonden sitt kulturlandskap står dei gamle murane og fortel historier.

– Dei fortel om levestilen den gongen då stein var ein av dei få ressursane mange bønder hadde rikeleg av, seier forfattar Eva Røyane.

– Dei fortel om slit, strev og tunge tak og om eit handverk som skapte byggverk som vi enno både beundrar og undrar oss over.

DET ENKLE OG NÆRE Totland er journalist, organist, småbarnsfar, hagebonde og forfattar, men han er òg utdanna kokk. Saman med fotografkollega Marius Knutsen har dei vidareutvikla matspalta dei har i avisa *Sunnhordland* til å bli årets diggaste kokebok: *DIGG – Gjer kvardagen til ein fest*.

– *DIGG* er ei bok som vekker kreativiteten når Totland stadig vekker tipsar om korleis ein kan variere rettane og ikkje minst nytte restane, fortel forlagssjefen som sjekks fall for den jordnære ideen til Totland og Knutsen.



EINASTE NYNORSKE

BOKKLUBB Tre og skog er i vinden som aldri før, og folk seier at tre kan lære oss å vere lukkelege. I årtusen har dei betydd mykje for oss menneske, og i haust er forfattar og fotograf Lisbeth Dreyer bokaktuell med *Fortellingar om trær*. Dreyer har reist landet rundt med kamera og penn på jakt etter tre som kan fortelje oss noko – sære tre, historiske tre, sjeldne tre, freda tre.

SKALD held fram med den kritikk-rosa verdsklassikarserien, og denne hausten er det Gustave Flauberts verdskjende *Madame Bovary* og Robert Musils *Tre kvinner* som kan flotte seg i flunkande ny nynorsk språkdrakt, omsett av Margunn Vikingstad og Øystein Vidnes. Nytt av året er at SKALD har starta landets einaste nynorske bokklubb for nettopp denne serien.

– Talet på medlemmer er stadig stigande, og abonnentane får bøkene som dei første i landet rett i postkassa, opplyser marknadssjef Åsta Urdal.

Pressemelding

“ Det er viktig at den største språkorganisasjonen for ungdom bryr seg om andre språk.

Hans Olav Tungesvik (1936–2017)

MED STOR SORG fekk Noregs Mållag i sommar melding om at Hans Olav Tungesvik var død. Tungesvik er den som har sete lengst i leiarstolen i Noregs Mållag, heile fem år frå 1965 til 1970. I 2014 vart han utnemnd til heidersmedlem i Noregs Mållag på landsmøtet på Gardermoen. 49 år etter at han tok til som leiar, var han då framleis ein aktiv mållagsaktivist både lokalt, nasjonalt og ikkje minst innanfor partiet KrF.

Hans Olav Tungesvik var leiar i Studentmållaget i Oslo i 1959 og var med og tok initiativet til at Noregs Mållag fekk ein eigen ungdomsorganisasjon i 1961: Noregs Student- og Elevmållag, seinare Norsk Målungdom. På landsmøtet i Noregs Mållag same året vart Hans Olav Tungesvik vald inn i styret på fyrste varaplass som den aller fyrste ungdomsrepresentant i mållagsstyret.

Som leiar gjekk han ned til halv stilling i sitt vanlege arbeid for å arbeide for målsaka. Trass i at det var harde kampar om rettskriving i desse leiaråra, var han med på å drive fram svært viktige ordskifte om politisk strategi for ei ny tid. I 1967 vart programmet «Målreising 1967» lagt fram med Berge Furre som formann i nemnda.

Ei sak han sjølv framheva frå tida som leiar av Mållaget, var stiftinga av Akademiet i Rauland. Det vart eit folkehøgskuletilbod som gav ungdom frå heile landet godhug for målsak og norsk kultur. I dag er Akademiet ein del av Høgskolen i Sørøst-Noreg.

Med bakgrunn i systematisk arbeid frå Noregs Mållag og Hans Olav Tungesvik vart det lovfesta i den nye Grunnskulelova i 1969 at lærebøkene på nynorsk og bokmål skulle kome til same tid og pris i den 9-årige grunnskulen. Men i gymnaset møtte tusenvis av elevar framleis mest berre bokmål på tavle og i bøker. I 1971 var tilliten til departementet og bokmålsforlaga på eit nullpunkt. I oktober 1971 gjekk 30 000 ungdomar i streik for at nynorskelevane skulle få retten til å få lærebøkene på sitt eige språk. Desse ungdomane trong allierte, og dei fekk hjelp av den tidlegare leiaren i mållaget som hjelpte til med å få saka inn i Stortinget. I 1974 vart kravet om jamstilling mellom nynorsk og bokmål også lovfesta i Lov om videregående opplæring. Men framleis var det slik at staten løyvde altfor lite pengar til å støtte lovkravet. I 1977 vart det lagt fram ei stortingsmelding om læremiddelproduksjonen.

Frå 1977 vart Hans Olav Tungesvik vald inn på Stortinget, og som sekretær og medlem av Kyrkje- og undervisningskomiteen bidrog han vesentleg til at komiteen fekk spesifisert og skjerpa krava til parallellutgåver på nynorsk og bokmål. Han følgde saka tett gjennom dei åtte åra han sat på Stortinget. I 1980 hadde løyvingane auka til 18 millionar kroner, frå 200 000 kroner i 1971.



» MINNEORD

Tungesvik fekk ein lang karriere som inneheldt allmennpolitikk, forfattarverksemd, speidarverksemd, trim og trening, misjon, institusjonsbygging innan psykisk helse og mykje til. Mediemann var han også: Særleg stor lukke gjorde han med radioprogrammet «Eit kvarter med legen», ein serie som gjekk på NRK i mange år frå 1970. All denne aktiviteten gjekk sjølvstøtt føre seg på nynorsk og bidrog til å allmenngjere nynorsken for folk i landet.

Sjølv om han gjekk av som mållagsleiar i 1970, heldt han heile livet fram med å vere ein markant målaktivist. Han aksjonerte når banken flytte frå bygda, og skipa møte og aksjonar for det lokale mållaget i Skånevik.

Då Noregs Mållag vitja Skånevik med Nynorskstafetten i høve Ivar Aasen-året 2013, stilte 77 år gamle Hans Olav Tungesvik som leiar i Skånevik Mållag med eit strålende dagsprogram som sikra både godt oppmøte og engasjement lokalt for målsaka. Det var ein veldig glad og stolt far som var med på landsmøtet i Tromsø i 2005 då sonen Steinulf Tungesvik vart vald til leiar i Noregs Mållag.

I 2014 var han sentral i arbeidet for å få med KrF til å røyste for ei nynorsk grunnlov, og då lova skulle vedtakast på Stortinget, sat han på galleriet og fekk sjå og høyre den høgtidlege røystinga frå kvar og ein av stortingspolitikarane. På landsmøtet i 2016 var han til stades. Den siste tida arbeidde han for nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.

Hans Olav hadde i tillegg til aktivismen og gløden for målsaka òg ei særskild evne til å løfte andre. Det vanka alltid hyggelege og oppmuntrande ord, og han var tvers gjennom eit godt menneske som det var ei glede å samtale med. Eg er glad for at eg sjølv fekk lære Hans Olav å kjenne. Han var ein sentral person for oss i Mållaget, både historisk og i dag. Vi kjenner ei sterk medkjensle med kona Liv og familien som mista han så brått.

Det går ei bein line frå Ivar Aasen og dei fyrste målmennene til denne store idealisten. Alle målfolk er gode målfolk, og alt målarbeid er godt målarbeid. Like fullt er det somme som anten ved tilfelle eller på grunn av livet sjølv eller gjennom handlingane sine får store eller større konsekvensar for livsvilkåra til nynorsken. Ein av desse var Hans Olav Tungesvik. I Noregs Mållag lét han etter seg eit stort sakn. Han var den som alltid gjekk oss andre til hande når noko stod på. No får vi sjølv prøve å vere meir som han.

MAGNE AASBRENN
leiar i Noregs Mållag



Bjørnar Østgård (1930–2017)

HEIDERSMEDLEM i Noregs Mållag, Bjørnar Østgård, gjekk bort 21. mars 2017. Han vart utnemnd på landsmøtet i Tromsø i 2005.

Bjørnar Østgård vart fødd i Sørreisa 11. mai 1930 og utdanna seg til lærar. Han hadde ei lang rekkje lærarjobbar og vart seinare rektor på Sommerlyst ungdomsskule i Tromsø.

Østgård var ein institusjon i nordnorsk målreising. Og 50 år etter at han var på sitt fyrste landsmøte i Noregs Mållag, vart han utnemnd til heidersmedlem i 2005. Året før hadde han gått av som leiar i fylkesmållaget Troms og

» MINNEORD

Finnmark Mållag, og hadde då bak seg heile 39 år som aktiv i lokallag og fylkesmållag.

Når Arthur Arntzen kunne slå gjennom med nordnorsk humor, må vi ikkje gløyme at det låg organisert målarbeid bak. Når det er så gode haldningar til dialektar og nynorsk i Nord-Noreg, er innsatsen til Bjørnar Østgård viktig, vart det sagt i talen då han vart utnemnt til heidersmedlem.

Han var ein markert SV-politikar i lokalpolitikken i Tromsø og fylkespolitikken i Troms. Erfaringane derifrå fekk også målrørsla utbytte av.

Kvaliteten på språkopplæringa i lærarutdanninga var ei viktig sak for han. Han var også oppteken av at ei god språkopplæring i skulen er grunnmuren for meir bruk av nynorsk både i media, reklame og i resten av samfunnet.

Bjørnar Østgård skal ha varm takk for både engasjementet, kunnskapen og arbeidet for målsaka!

MAGNE AASBRENN
leiar i Noregs Mållag



FREDRIK HOPE
Leiar i Norsk Målungdom

Mobiliser, organiser, skuler!

EIT VAL ER FORBI, og tradisjonen tru vart partia med minst og dårlegast språkpolitikk størst. Dei neste fire åra er det berre tre ting som heilt sikkert som vil styrkja nynorsken, same kven som styrer rike og land: fleire målfolk, betre organiserte målfolk og godt skulerte målfolk.

EIT HØGT MEDLEMSTAL syner at saka vår har stønad når me skal kjempa inn god språkpolitikk lokalt og sentralt. Noregs Mållag hadde i fjor det høgaste medlems-talet på 25 år – heile 12 411 medlemmer. Men godtfolk, me kan få til so mykje meir enn dette! Du kjenner garantert nokon som vil nynorsken vel, men som aldri har blitt spurt om å verta medlem. Om kvar og ein av oss vervar berre éin person kvar, kan me dubla dette medlemstalet. Noregs Mållag har nasjonal vervedag 1. oktober, og då er det ingenting å lura på: Verv bror din, mor di, kollegaen din og grannen din. Og verv gjerne son din og onkelungen din til Norsk Målungdom.

MÅLLAGET HAR LOKALLAG over heile landet som gjer mykje bra målarbeid lokalt. Likevel – skal talet på nynorsk-eleva auka, talet på kommunar med nynorskopplæring for vaksne innvandrarak auka og skal det verta lettare å vera nynorskbrukar i bygd og by, treng me fleire, større og meir aktive mållag. Om du ikkje allereie har gjort det, treng me at du engasjerer deg. Norsk Målungdom skal gjera vårt. Me har i år tilsett ein lokallagsskrivar for å få fleire av medlemene våre aktive i elev- og studentmållag, og i år vil me særleg prioritera randsonene kring Bergen, i Valdres og i Hallingdal. Fleire organiserte målfolk gjev meir nynorsk. For saman er me sterkare enn kvar einskild aleine.

Å VERA AKTIV i eit lokallag er bra, men det batar lite om du ikkje veit kva du skal gjera og korleis du skal gjera det. For å vinna fram treng me ny kunnskap. Korleis overtyda foreldre, politikarar og vanlege borgarar om at nynorsk er det beste språket? Korleis mobilisera for det me trur på og nå ut til fleire? Korleis skapa ny kveik på stader der nynorsken er veik? Me må våga å tenkja nye tankar og utfordra dei argumenta me alltid har nytta. At fleire lærer meir om nynorsk, målarbeid og organisasjonsarbeid er akkurat det me treng for å nå fram og koma lenger.

POLITIKARANE KJEM IKKJE til å gje oss det me vil ha, utan at me gjer jobben. Ingenting kjem av seg sjølv – men saman kan me få det til å skje. Mange gjer mykje, mange kan gjera meir, og alle kan me læra meir. Slagordet mitt for dei neste fire åra er difor: Mobiliser, organiser, skuler!



Stor takhøge: Studentmållaget i Tromsø og Tromsø Mållag til språkpolitisk debatt i forkant av valet.

Foto: Gunnhild Skjold

Språkpolitisk debatt i Tromsø

31. august inviterte Studentmållaget i Tromsø og Tromsø Mållag til språkpolitisk debatt i forkant av valet.

Parti frå SV til Framstegspartiet var representerte, og panelet fekk diskutere tema som sidemål og nynorsk i skole og barnehage, språklege minoritetar, og kva visjon dei har for framtida sin språkpolitikk. I tillegg blei partia konfronterte med dommen Noregs Mållag gav partiprogramma deira, og publikum fekk høve til å stille spørsmål.

Partia var seg sjølv like når det kom til skolepolitikken. Der Frp og Høgre ville gå inn for valfritt sidemål, og fokuserte på eleva som har vanskeleg

for å lære berre eitt språk, trekte dei andre partia fram viktigheita av å betre sidemålsundervisinga. Arbeidarpartiet tala varmt om språkdelte klassar på ungdomsskolen, og fleire parti foreslo tidlegare start med sidemål.

Eit sentralt språkpolitisk spørsmål i heile landet, men spesielt i Nord-Noreg, er stoda til dei språklege minoritetane. Manglande og dårleg opplæring for samiskspråklege eleva opptok heile panelet. I Troms er det mange eleva som berre får fjernundervising. Alle partia var samde om at dette er ei god løysing om ein ikkje får tak i lærarar, men spesielt MDG var uroa for at ein ikkje valde å tilsette samisklærarar, men i staden satsa fullt ut på fjernundervising.

I ei meir og meir globalisert verd vil ein få nye språklege problemstillingar. SV understreka at nynorsken er eit sterkt språk, og at domeneta-

pet til engelsk kanskje vil vere eit større problem for bokmålet, som ikkje har like mange som er opptatte av å ta vare på språket. Domenetapet prega dette temaet, og ein var samde om at stoda for norsk fagspråk er eit tema som må fokuserast på.

